



ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2024

Suldal kommune

INNHOLD

Kommunedirektøren si innleiing..... 5

| | |
|---|-----------|
| Resultat | 5 |
| Demografi..... | 5 |
| Sjukefråvær | 5 |
| Utfordringar framover | 5 |
| Takk..... | 6 |
| Utviklingstrekk..... 7 | |
| Folketal..... | 7 |
| Sysselsette | 8 |
| Naturmangfald | 8 |
| Klima | 9 |
| Nøkkeltal | 10 |
| Økonomi | 13 |
| Driftsresultat | 13 |
| Resultat | 15 |
| Fordeling renter, utbytte og eigaruttk | 16 |
| Fordeling skatt..... | 16 |
| Rammetilskot..... | 17 |
| Sal av konsesjonskraft..... | 17 |
| Næringsfond | 18 |
| Plassering og låneopptak | 19 |
| Investering..... | 21 |

| | |
|---|-----------|
| Einingane | 24 |
| Kjøp av varer og tenester | 26 |
| Tilskotsordningar | 27 |
| Innkjøp..... | 29 |
| Politikk og organisasjon | 30 |
| Politisk verksemd..... | 30 |
| Større saker organisasjonen har arbeidd med..... | 32 |
| Tilsyn og forvaltningsrevisjon..... | 37 |
| Driftsprosjekt | 43 |
| Handlingsprogram 2024-2027..... | 47 |
| 1. Å leva, bu og trivast..... | 47 |
| 2. Attraktive Suldal | 54 |
| 3. Grøne Suldal..... | 63 |
| 4. Nyskapande arbeidsgjevar | 66 |
| Viktige utfordringar framover | 71 |

Kommunedirektøren si innleiing



Årsmeldinga er kommunedirektøren si tilbakemelding til dei folkevalde på budsjett og handlingsprogram lagt for føregåande år.

Resultat

Suldal kommune fekk eit netto driftsresultat på 138 mill. kr i 2024 mot 165 mill. kr i 2023. Dette tilsvasar 16,7 prosent av brutto driftsinntekter.

Suldal kommune sel konsesjonskrafta i spotmarknaden. Vårt prisområde blir påverka av energisituasjonen i Europa. Inntektene gjev Suldal moglegheiter til å gjere store investeringar for fellesskapet, setje av midlar til vanskelege tider og halde lånegraden låg.

Suldal kommune har ein god økonomi, men inntektene er under press. Forholdet mellom inntekter og utgifter utviklar seg i negativ retning, og Suldal kommune må arbeida vidare med tiltak for å oppretthalde handlefridomen. Særleg viktig er det å sørge for at uføreseielege og svingande inntekter som kraftinntekter ikkje blir sett inn i drift av kommunen i for stor grad.

Folketal

Det vart 50 fleire innbyggjarar i 2024. Samtidig veit me at det er busett 246 ukrainarar sidan 2022.

Dette viser ei stor utfordring med reell nedgang i folketal utan busetjing av flyktningar.

Demografi

Den demografiske framskrivinga viser auke i talet på eldre fram mot 2030. Tala over brukarar av helse -og velferdstenester bekreftar auken. Samstundes treng brukarane i heimetenestene meir kompleks pleie enn tidlegare og me veit det vil bli endå vanskelegare å rekruttera nok og rett kompetanse.

Fødselsoverskotet var på 3 personar i 2024. Det blei født 36 barn som er litt under snittet dei siste 10 åra.

Sjukefråvær

Sjukefråveret i 2024 var 7,2% mot 6,6% i 2023. Resultatet er over vedtatt mål på 6,5 %.

Utfordringar framover

Digital transformasjon og berekraftige tenester vil framleis vere to av utfordringane våre. Me må halda fram med å sjå på korleis me løyser oppgåvene på tenestenivå i alle tenesteområde. Tida der behova for tenester er større enn tilgangen på menneskelege ressursar er her og utfordrar drifta vår. Kompetanse saman med handlekraft blir avgjerande for å oppretthalde gode tenester for innbyggjarane i framtida. Ein må arbeida kontinuerleg og målretta for å rekruttera inn rett kompetanse på rett nivå til rett tid i heile organisasjonen. Utfordringane med å rekruttere nok kompetanse er svært merkbare. Ein konsekvens av mange mellombelse tilsetjingar av personar som ikkje har kompetanse for å fylla lovkrav i stillingar, er at fleire opparbeider seg rett til fast stilling utan å ha den rette kompetansen. Det vil vera eit kontinuerleg fokus for kommunedirektøren i samarbeidet med dei folkevalde å sjå på tenestenivå og struktur.

Takk

Suldal kommune har medarbeidrarar som kvar dag viser stor innsats for å realisere kommunen sine mål og gi gode tenester til innbyggjarar, næringsliv og besökande. Det er mykje arbeidsglede i

organisasjonen som viser seg i gode resultat. Årsmeldinga syner høg aktivitet både for å sikre dagleg drift og prioritere naudsynt utviklingsarbeid. Kommunedirektøren ønskjer å rette ei stor takk til alle leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod for det gode lagarbeidet i 2024. Like eins takk til dei folkevalde for godt samarbeid.

Meseteamet på Stand for Suldal kommune. Her på rekrutteringsmesse på Fiskepiren i Stavanger.





Utviklingstrekk

Folketal

Det blei 50 fleire innbyggjarar i Suldal i 2024. Fødselsoverskotet var på 3. Det blei født 36 barn som er litt under snittet dei siste 10 åra. Tal døde var på 33 som er lit mindre enn snittet siste 10 år.

Sidan 2022 har det kome 227 ukrainarar til Suldal. Det gjer at innbyggartalet aukar. Dersom me ser bort i frå busetting av flyktningar så hadde kommunen hatt vesentleg færre innbyggjarar.




Sysselsette

I det lange biletet er sysselsettinga i befolkninga relativt stabil.

I Suldal er 68,4% av befolkninga i aldersgruppa 15-74 år sysselsett. Det er same nivå som i 2005. I same periode har det vore både høg

arbeidsinnvandring og mottak av mange flyktningar. Sysselsettinga er høgare blant innvandrara etter introduksjonsprogrammet (4 år) enn blant dei som har budd i Norge heile livet. Arbeidsløysa i Suldal er på rundt 1%, som har vore nivået dei siste åra med unntak av når samfunnet blei stengt ned under korona-pandemien.




Naturmangfold

Regjeringa lanserte ny handlingsplan for naturmangfold hausten 2024. Det blir lagt vekt på å redusere nedbygging av viktige naturareal og vedta nye prinsipp for berekraftig arealforvaltning. Skogen i Suldal tek opp meir CO₂ enn det kommunen slepp ut. Ei god skogforvaltning er eit viktig bidrag for at Noreg skal nå klimamåla. Mykje natur har vore bygd ned dei siste åra, også i Suldal. Miljødirektoratet skriv at over 4% av utsleppa kjem i frå arealbruksendringar. Det blir bygd ned 50 kvadratkilometer kvart år kor 75% er skog.

No er det mange som prøver å snu trenden; over 80 kommunar har vedtatt å bli arealnøytrale blant anna ved å «vaske» gamle planar.

I Suldal er 26% av arealet verna. FNs naturavtale av 19. des 2022 vedtok at 30% av all natur på land skal vernast. Det er eit mål Suldal skal jobbe mot framover.




Klima

CO2-utsleppa i Suldal har stige dei siste åra.
Grafen viser utslepp tonn CO2 i kommunen.
Suldal kommune har mest utslepp i frå jordbruks-
mobil forbrenning og sjøfart.
For jordbruks sin del så er det relativt stabil.

Det meste av utsleppa i frå mobil forbrenning og
sjøfart kjem i frå bergverkindustrien. Desse
utsleppa har gått opp dei siste åra.

Det er spesielt høge tal i 2019 (anna mobil
forbrenning) og 2021 (sjøfart). Me veit ikkje om
det er målefeil eller om det faktisk har vore
vesentleg høgare utslepp dei åra.

Utslepp i frå oppvarming, avfall og vegtrafikk har
ein nedgåande trend i tråd med nasjonale og
regionale tiltak.



Nøkkeltal

I denne delen blir det presentert sentrale nøkkeltal for Suldal kommune.
Dersom ikkje anna er opplyst, er det KOSTRA-tal
frå SSB som bli presentert.
Merknad:
* = ingen tal,
.. = færre enn 5 personar, tal ikkje oppgitt.
Nøkkeltal for økonomi og sjukefråvær kjem lengre
bak i årsmeldinga.

Spesielle forhold i 2024

Tal elevar som får spesialundervisning har gått litt opp, men me legg framleis godt under landsgjennomsnittet.

Utviklinga frå 5.-7. er varierande, ein ser at enkelte elevgrupper ikkje utviklar seg i takt med nasjonal utvikling. Det er små data og skilnadar frå eining til eining.

Lågare meistringsnivå på både lesing og rekning i 8. klasse samanlikna med fjoråret.
Kompetansekrava i skule har vore varsle i 10 år, det er stor avstand mellom det me tilbyr og det me skal tilby etter krav.

Krevjande å få tak i vikarar i skular og barnehagar. Kontinuitetsplan blir brukt i barnehagar og skular. Vektentleg rapportering viser at det er periodar som er meir krevjande å drifta enn andre. Gode tiltak har ført til at ein likevel kan gje gode tenester.

Bygging av ny sjukeheim har ført til omlegging av drifta som er blitt utført på 2 lokasjonar, Vinjarheim og Bjødnateigen. Det har vore reduserte plassar som har ført til at fleire står på venteliste til institusjonsplass. Fleire over 80 år får meir heimetene nede enn før og ein ser at fleire ønskjer å bu heime så lenge dei kan. Det har også ført til auka kostnader i byggeperioden då ein må drifta sjukeheimen på 2 lokasjonar

Utgifter til sosialhjelpsmottakarar har auke monaleg i 2024. Den største årsaka er mottak av mange flyktningar. Den store auken av Ukrainerar har ført til auke i supplerande sosialhjelp over ein lengre periode fram til dei får seg jobb.
Vasskvaliteten er god.

Det har blitt fleire ladepunkt og el-bilar i kommunen.

«Badegjengen»: Fysio i Suldal bad.



Nøkkeltal

| Nøkkeltal og måltal | Landet | Suldal | | |
|---|--------|--------|------|------|
| | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Barnehage | | | | |
| Tal barn i barnehage | | 193 | 181 | 198 |
| % barn 1-5 år med barnehageplass | 94,5 | 91,9 | 89,6 | 92,1 |
| % minoritetsspråklige barn 1-5 år med barnehageplasser | 97,5 | 92,5 | 88,4 | 80,0 |
| % barnehagelærere i forhold til grunnbemanning | 42,1 | 32,5 | 42,2 | 34,7 |
| Skule | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Tal elevar i grunnskulen (1-10 trinn) | | 504 | 514 | 511 |
| Tal elevar i 1. klasse | | 44 | 59 | 40 |
| % elevar i SFO | 73,7 | 50,8 | 61,9 | 76,6 |
| % lærarar med pedagogisk utdanning | 87,4 | 82,5 | 77,4 | .. |
| % elevar i grunnskulen som får spesialundervisning | 8,0 | 4,8 | 4,5 | 5,3 |
| % elevar mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver, lesing 8kl | 64,7 | 77,6 | 68,3 | 50,0 |
| % elevar mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver, regning 8kl | 63,0 | 79,3 | 73,3 | 63,5 |
| Helse og velferd | | 2022 | 2023 | 2024 |
| % over 80 år som bruker heimatenester | 26,2 | 30,9 | 34,4 | 33,8 |
| % 0-66 år som bruker heimatenester | 48,1 | 40,2 | 38,0 | 38,0 |
| % over 80 år med institusjonsopphold | 9,3 | 8,8 | 8,6 | 8,1 |
| Utgifter per oppholdsperiode i institusjon (kr) | 5311 | 6541 | 6906 | 6948 |
| Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer) | 0,7 | 1,1 | 0,8 | 1,0 |
| Brukerrettede årsverk i omsorg med helseutdanning | 90,6 | 87,3 | 83,7 | 86,5 |
| Brukantar med dagaktivitetstilbod i % 67-79 år | 0,7 | 2,8 | 2,6 | 2,1 |
| Sosialhjelppsmottakere (antall) | | 143 | 217 | 198 |
| Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall) | | 91 | 158 | 143 |
| Kultur | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Barn på kulturskulen i % av alle barn | 13,1 | 24,1 | 23,6 | 25,5 |
| Utlån per innbygger (antall) | 2,5 | 6,6 | 6,9 | 6,8 |
| Plan, byggesak og miljø | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Gj.snitt saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dagar) | 41 | 53 | 60 | 60 |
| Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dagar) | 19 | 13 | 19 | 19 |
| Eigedomsforvaltning | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Areal formålsbygg per innbygger | | 9,7 | 10 | 9,8 |
| Energibruk per m ² eigmde areal (kwh) formålsbygg | | 182 | 170 | 190 |
| Vann og avløp | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| % innbyggjarar med god vannkalitet (E.coli)* | 98,7 | 100 | 100 | 100 |
| % vann som går tapt på grunn av lekkasje | 30,2 | 14,1 | 14,4 | 14,8 |
| Klima og miljø | 2024 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Antall ladepunkt for hurtigladning | | 7 | 7 | 11 |
| % kommunale el-bilar av alle person- og varebilar | | 33 | 60 | 60 |
| Tal Miljøfyrtårn-sertifiserte einingar i kommunen | | 15 | 15 | 15 |

Helse og velferd sine eigne tal:

Brukere som har mottatt tjeneste - Antall per tjenestetype og år

| År | Tjenestetype | 2023 | 2024 | Endring % |
|----|---|---------|---------|-----------|
| | | Brukere | Brukere | |
| | Totalt antall brukere | 299 | 313 | 4,7 % |
| | Helsetjenester i hjemmet | 213 | 216 | 1,4 % |
| | Trygghetsalarm | 100 | 112 | 12,0 % |
| | Praktisk bistand - daglige gjøremål | 102 | 101 | -1,0 % |
| | Matombringning | 85 | 87 | 2,4 % |
| | Dagaktivitetstilbud | 66 | 66 | 0,0 % |
| | Tidsbegrenset opphold - annet | 60 | 67 | 11,7 % |
| | Bolig som kommunen disponerer for helse- og omsorgsformål | 31 | 37 | 19,4 % |
| | Kommunal øyeblikkelig hjelp - døgnopp hold | 25 | 35 | 40,0 % |
| | Langtidsopp hold i institusjon | 32 | 27 | -15,6 % |
| | Støttekontakt | 21 | 21 | 0,0 % |
| | Digitalt tilsyn | 13 | 28 | 115,4 % |
| | Avlastning i institusjon | 5 | 8 | 60,0 % |
| | Elektronisk medisineringsstøtte | | 9 | |

Omsorg har vore i ein heilt spesiell situasjon dei siste åra med bygging av nye Suldal sjukeheim og reduserte plassar. Sjølv om talet på brukarar ikkje har gått så mykje opp, er kompleksiteten på dei som får tenester høg. Det blir nytta mykje meir timer på kvar brukar både i heimetenestene og institusjon.



Økonomi

Driftsresultat

Omtala avvik er differansen mellom regulert budsjett (R) og årets rekneskap.

Suldal kommune hadde i 2024 eit netto driftsresultat på 16,7%, som i kroner gir 138,0 mill. kr. Det var budsjettet med eit netto driftsresultat på 11,3% og regulert budsjett på 8,1%.

Samla er driftsinntektene 5,3% høgare enn regulert budsjett. I kroner utgjer dette 41,9 mill. kr.

Sal av konsesjonskraft

Regulert budsjett for sal av konsesjonskraft var 63,0 mill. kr. Sal av konsesjonskraft vart 68,5 mill. kr. Sal av konsesjonskraft er 5,5 mill. kr. høgare enn regulert budsjett. Regulert budsjett overføring til Ryfylkefondet 7,7 mill. kr. overført til Ryfylkefondet er 6,4 mill. kr., 1,3 mill. kr. mindre enn regulert budsjett.

Skatt

Skatt private og naturressursskatt vart samla 8,9 mill. kr. høgare enn regulert budsjett. Samstundes er årets rammetilskotet 1,3 mill. kr. lågare enn regulert budsjett, dette sjølv om ein på slutten av året fekk ekstra løvving frå regjeringa på 3,0 mill. kr. I tillegg til dette er det inntektsført rammetilskot frå tidlegare år på 12,3 mill. kr. Desse skulle vore inntektsført tidlegare år.

Overføring frå Havbruksfondet

Overføring frå Havbruksfondet var budsjettet med 10,0 mill. kr. Overføringa frå fondet vart 12,7 mill. kr., 2,7 mill. kr. høgare enn budsjettet.

Utbytte

Det var budsjettet med utbytte frå Haugaland kraft på 7,5 mill. kr.

I 2. tertialrapport vart budsjettet auka opp med 6,5 mill. kr. Samla utbytte frå Haugaland kraft 14,036 mill. kr. Dette samsvarar med regulert budsjett.

Det er i tillegg motteke utbytte på plasseringar med 2,8 mill. kr. Det var ikkje budsjettet med utbytte på plasseringar.

Renteinntekter

Det er 11,2 mill. kr. meir i samla renteinntekter frå bank og plasseringar enn regulert budsjett. Auka renteinntekter kjem av meir pengar i banken grunna utsette investeringar. Avkastninga på plasseringar har vore god.

Overføring og tilskot frå andre

Overføring og tilskot frå andre er 11 ,8 mill. kr. høgare enn regulert budsjett. Meirinntektene her kjem frå meir refusjon legetenesta, momskompensasjon, sjuke- og fødselspengar og meir «aktivitets-tilskot» i einingane. Grunna staten si omlegging av refusjonsordninga for ressurskrevjande brukarar, vart tilskotet til Suldal om lag 1 mill. kr. mindre enn budsjettet.

Finansiering av investeringar

Det er samla nytta 177,8 mill. kr. i driftsmidlar og disposisjonsfond samt 15,0 mill. kr. frå bundne fond til finansiering av investeringar i 2024.

I tillegg er det nytta 20,9 mill. kr. frå konsesjonsavgiftene.

Fond

Netto reduksjon disposisjonsfond i 2024 var 65,7 mill. kr. Desse fordeler seg slik:

Avsetjing til disposisjonsfond

- Rente-/kurs-regulering 2,6 mill. kr.
- Disp. fond driftsprosjekt 3,2 mill. kr.
- Spelemiddelfond 0,9 mill. kr.
- Integreringstilskotsfond 13,3 mill. kr.

Bruk av disposisjonsfond

- Disposisjonsfond, netto 45,5 mill. kr.
- Overskytande midlar områda 5,9 mill. kr.
- Premieavviksfond netto 15,7 mill. kr.
- Kommunikasjonsfond 11,3 mill. kr.
- Sal av konsesjonskraft fond 5,9 mill. kr.
- Opplæring- / personelltiltak 1,1 mill. kr.
- Andre mindre fond, bruk samla 0,3 mill. kr.

I tillegg er det nytta frå disposisjonsfond investering 20,7 mill. kr.

Investeringsprosjekt

For 2024 var det budsjettert med 497,9 mill. kr. i investeringar. Regulert budsjett for 2024 syner at det skulle investerast for 351,5 mill. kr. Rekneskapen syner at det vart investert for 348,9 mill. kr., 2,8 mill. kr. mindre enn regulert budsjett. Samla etterslep på investeringar i 2024 er 182,8 mill. kr. Det vert i rekneskapssaka føreslått å avslutta 7 prosjekt. Samla midlar att i desse prosjekta 2,9 mill. kr.

Lån, renter og avdrag

Det er ikkje teke opp nytt lån til investeringar i 2024. Det vart ved handsamaninga av rebudsjetteringssaka vedteke å utsetja låneopptaket til 2025 grunna stort etterslep på gjennomføring av investeringar. Grunna at ein ikkje har teke opp nytt lån i 2024 er det nytta 6,5 mill. kr. mindre i renter og avdrag enn budsjettert.

Fylkesordførar Ole Ueland, Fylkesvaraordførar Svein Indbjo og Fylkесdirektør Gunn Claire Westad på besøk til Suldal kommune.



Resultat

| Linje | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|------------------------|----------------------------------|----------------|----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| DRIFT: | | | | | | | |
| 1 | Driftsinntekter | -573 888 | -579 317 | -698 853 | -922 670 | -820 327 | -827 838 |
| 2 | Driftsutgifter | 545 251 | 572 376 | 598 740 | 707 989 | 722 170 | 762 176 |
| 3 | Brutto driftsresultat | -28 638 | -6 941 | -100 113 | -214 681 | -98 157 | -65 662 |
| FINANSINNTEKTER | | | | | | | |
| 4 | Renteinntekter og utbytte | -21 597 | -22 386 | -12 577 | -28 879 | -49 028 | -51 901 |
| 5 | Mottekne avdrag på lån 1) | -3 445 | | | | | |
| 6 | Gevinst finansielle omløpsmidlar | | | -8 872 | -2 973 | -5 390 | -5 332 |
| 7 | Sum finansinntekter | -25 042 | -22 386 | -21 449 | -31 852 | -54 418 | -57 233 |
| FINANSUTGIFTER | | | | | | | |
| 8 | Renteutgifter og lånekostnader | 6 359 | 4 737 | 3 119 | 6 723 | 12 912 | 13 860 |
| 9 | Avdrag på lån | 21 402 | 22 427 | 22 704 | 23 850 | 23 535 | 23 747 |
| 10 | Sosial og næringsutlån 1) | 4 139 | | | | | |
| 11 | Tap finansielle midlar | 1 802 | 7 091 | 972 | 4 586 | 1 426 | 131 |
| 12 | Sum finansutgifter | 33 702 | 34 255 | 26 795 | 35 159 | 37 873 | 37 738 |
| 13 | Motpost avskrivningar | -37 716 | -37 822 | -39 111 | -44 382 | -50 273 | -52 861 |
| 14 | Netto driftsresultat | -57 694 | -32 844 | -133 878 | -255 756 | -165 975 | -138 018 |
| 15 | Netto driftsresultat i % | 10,1 | 5,7 | 19,2 | 27,7 | 20,1 | 16,7 |

| | INVESTERING: | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|----|----------------------------------|---------|---------|---------|---------|----------|----------|
| 16 | Overført frå driftsrekneskapen | -2 695 | -23 341 | -29 906 | -35 900 | -149 874 | -221 886 |
| 17 | Bruk av ubundne investeringsfond | | | | | | -20 675 |
| 18 | Bruk av lån | -48 719 | 0 | -52 446 | 0 | -6 930 | -13 389 |
| 19 | Investeringar (prosjekt) | 91 583 | 38 230 | 99 874 | 48 961 | 220 340 | 348 869 |

| | LØN: | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | | |
|----|-------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| 20 | Budsjetterte årsverk 2) | 436,0 | 437,0 | 432,6 | 434,2 | 439,1 | 442,9 |

- 1) Frå og med 2020 er desse postane del av driftsinntektene og driftsutgiftene.
 2) Sjølv med auke i inntektene over tid er det særslitent auke i tal årsverk. Auke i tal årsverk i 2023 kjem av auka tal lærlingar. Auke i tal årsverk i 2024 kjem fram slik 1,68 årsverk knytt til oppsetjing av avtalen med Haugaland brann og redning, 0,40 stilling kjem av overtaking av bygningsmassen på Rygjatun og 1,7 årsverk som er knytt til sal av tenester.

| Linje | i % av driftsinntekter | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------|---|-------------|------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 1 | Brutto driftsresultat, eks. avskrivning | 11,6 | 7,7 | 19,9 | 28,1 | 18,1 | 14,3 |
| 2 | Netto finansutgifter | 2,3 | 1,9 | 2,5 | 2,2 | 4,9 | 5,2 |
| 3 | Netto gjeldsavdrag | -3,8 | -3,9 | -3,2 | -2,6 | -2,9 | -2,8 |
| 4 | Netto driftsresultat | 10,1 | 5,7 | 19,2 | 27,7 | 20,1 | 16,7 |
| 5 | Årets brutto investeringar | 16,0 | 6,6 | 14,1 | 5,3 | 26,9 | 42,1 |

For 2024 utgjer netto driftsresultat i % av driftsinntektene (eks. avskrivningar) 16,7%. Målet er på minimum 4,5%.

Fordeling renter, utbytte og eigaruttak

| Linje | (heile tusen) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------|-----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 1 | Renteinntekter | 7 644 | 5 727 | 4 566 | 13 630 | 33 863 | 34 988 |
| 2 | - bank | (3 914) | (2 712) | (2 292) | (9 501) | (23 355) | (22 927) |
| 3 | - plassering | (2 069) | (1 581) | (1 095) | (2 168) | (7 005) | (8 767) |
| 4 | - utlån | (1 661) | (1 434) | (1 179) | (1 961) | (3 503) | (3 294) |
| 5 | Morarenteinntekter | 16 | 28 | 5 | 43 | 41 | 34 |
| 6 | Gevinst/Kursgevinstar | 4 665 | 6 905 | 8 872 | 2 209 | 5 390 | 5 332 |
| 7 | Utbytte/Eigaruttak | 8 785 | 7 706 | 8 007 | 15 206 | 15 124 | 16 879 |
| 8 | Haugaland Kraft | (7 714) | (6 789) | (6 674) | (13 447) | (12 607) | (14 036) |
| 9 | Sum | 21 110 | 20 366 | 21 450 | 31 088 | 54 418 | 57 233 |

Finansielle omløpsmidlar 2,1 mill. kr meir enn regulert budsjett. Det er 2,8 mill. kr. meir i utbytte enn regulert budsjett, som kjem frå plasserte midlar.

Det er 12,2 mill. kr. meir i samla renteinntekter enn regulert budsjett. Auken kjem som følgje av meir bankinnskot enn kva som var lagt til grunn samt god avkasting på plasseringar.

Fordeling skatt

| Line | (heile tusen) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|------|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 1 | Skatt private | 103 858 | 96 992 | 110 740 | 119 607 | 126 737 | 135 331 |
| 2 | Naturressursskatt | 53 054 | 51 025 | 50 610 | 52 022 | 52 225 | 51 677 |
| 3 | Eigedomsskatt(br.) | 113 483 | 136 793 | 143 553 | 130 395 | 162 324 | 159 970 |
| 4 | Sum | 270 395 | 284 810 | 304 903 | 302 023 | 341 286 | 346 978 |

Skatt private 9,2 mill. kr høgare enn regulert budsjett. Samstundes er naturressursskatt 0,3 mill. kr lågare enn regulert budsjett. Naturressursskatt og skatt private må sjåast i samanheng med rammetilskotet.

Eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk i 2023 og 2024 blei bestemt ut i frå makstaket, som er lik gjennomsnittleg produksjon siste 7 år multiplisert med 2,74kr/KWh. Makstaket slår inn når straumprisen er høg over tid. Makstaket vil slå inn også dei neste åra.

Det meste av vatnet kjem i frå Blåsjø som er eit fleirårig magasin. Produksjonen kan difor variere ein del år for år i takt med kraftbehovet/kraftprisen. Produksjonen som ligg til grunn for eigedomsskatten for kraftverk i 2023 og 2024 er uvanleg høg.

Rammetilskot

Rammetilskotet er 1,3 mill. kr. lågare enn regulert budsjett, dette sjølv om ein på slutten av året fekk ekstra løyving frå regjeringa på 3,0 mill. kr. Mindre rammetilskot kjem av auken i skatt private og naturressursskatt, som samla har ein auke 8,9 mill. Kr.

I tillegg til dette er det inntektsført rammetilskot frå tidlegare år på 12,3 mill. kr. Desse skulle vore inntektsført tidlegare år.

Sal av konsesjonskraft

| Linje | (heile tusen) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------|--------------------------|----------------|---------------|----------------|-----------------|-----------------|----------------|
| 1 | Forvaltning | 650 | 650 | 650 | 153 | 155 | 134 |
| 2 | Overføring Ryfylkefondet | 2 309 | 0 | 9 184 | 25 391 | 11 720 | 6 400 |
| 3 | Sal av konsesjonskraft | -37 391 | -4 623 | -92 487 | -273 985 | -124 520 | -68 516 |
| 4 | Netto inntekt | -34 432 | -3 973 | -82 653 | -248 441 | -112 645 | -61 982 |
| 5 | Mengde | 136,6 | 136,6 | 136,6 | 136,8 | 142,6 | 128,5 |
| 6 | Pris øre | 39 | 10 | 80,7 | 208 | 98,7 | 65,8 |
| 7 | Avsetjing til bufferfond | 3 367 | 0 | 22 650 | 30 000 | 1 420 | 0 |
| 8 | Bruk av bufferfond | | 3 457 | | | | 0 |

*i 2020 var det ingen avtale med Ryfylkefondet. Frå 2021 syner ein spotprisen i vårt prisområde (NO2).

Kommunedirektør saman med arrangementskomiteen for sommarfest for alle tilsette på Ropeidhalvøya.



Næringsfond

Ulla Førre næringsfond

Det blei vedtatt nye retningslinjer og vedtekter for fondet i 2024.

Sakene er handsama i tråd med dette.

Lån frå næringsfondet vil over tid bli tilbakebetalt og nytta til nye utlån eller bli tilført fondskapitalen, medan tilskot vil redusera fondskapitalen. Fleire lån har fått utsett frist for innbetaling av renter og avdrag. Dette påverkar økonomien i fondet.

| Linje | Innvilga (heile tusen) | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | Sum |
|-------|---|--------------|--------------|---------------|--------------|--------------|---------------|
| 1 | Lån | 3 100 | 5 500 | 10 894 | 4 520 | 750 | 24 764 |
| 2 | Tilskot | 955 | 346 | 375 | 925 | 1 125 | 3 726 |
| | Sum lån og tilskot | 4 055 | 5 846 | 11 269 | 5 445 | 1 875 | 28 490 |
| | Tal søknader | | | | | | |
| 3 | Lån | 5 | 2 | 6 | 9 | 1 | 23 |
| 4 | Tilskot | 13 | | 9 | 3 | 3 | 28 |
| 5 | Oppstarttilskot | | 7 | 6 | 13 | 8 | 34 |
| 6 | Kompetansemidlar | | 3 | 3 | 5 | 4 | 15 |
| 7 | Søknad utsetjing/ omgjering /endring av lånevilkår | | | 7 | 8 | 0 | 15 |

Suldal kommunale næringsfond

Det blei vedtatt nye retningslinjer og vedtekter for fondet i 2024.

Suldal kommunale næringsfond har gitt 4 tilskot på til saman 0,415 mill. kr. i 2024.



«Sumarvibbar», sommarfest for alle sommarvikarar og lærlingar.

Plassering og låneopptak

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

| Forvaltar | Verdi 01.01 | Verdi 31.12 | Avkastning i % | Bench-mark |
|-----------------------------------|--------------------|--------------------|----------------|------------|
| Bergen Capital Management | | | | |
| Bankinnskot aksjar | 550 252 | 2 114 940 | | |
| Aksjar | 23 887 080 | 25 300 977 | 12,19 | 11,28 |
| Bankinnskot obligasjonar | 1 640 160 | 3 714 468 | | |
| Obligasjonar | 103 399 500 | 107 811 600 | 6,18 | 3,87 |
| Sum | 129 476 992 | 138 941 985 | | |
| Sparebank 1 SR-Forvaltning | | | | |
| Bankinnskot | 908 025 | 336 809 | | |
| Aksjar | 18 408 611 | 23 224 578 | 21,97 | 11,28 |
| Sum | 19 316 636 | 23 561 387 | | |
| Fondsforvaltning AS | | | | |
| Pluss utland aksje | 550 428 | 732 600 | 33,10 | 11,28 |
| Pluss kort likviditet II | 53 195 269 | 56 021 115 | 5,31 | 3,87 |
| Sum | 53 745 698 | 56 753 715 | 5,60 | |
| Totalt | 202 539 326 | 219 257 087 | 9,25 | |

Avkastning

Gjennomsnittleg avkastning på aksjar og obligasjonar i 2024 har vore på 9,25 %. Bankavtalen har i året gitt ein avkastning på 5,07 %. Obligasjonar og andre renteinstrument har hatt ein avkastning på 5,89 %. Dette gir netto ei avkastning på om lag NOK 15,1 mill. Suldal kommune har budsjettert med NOK 3,0 mill. i kursavkastning. Referanseindeksen har ei avkastning på 11,28 % for aksjar, og 3,87 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 3,92 %.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 14,9 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 16,2 mill.

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 2,8 % plassert i bank, 74,7 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 22,5 % i risikoklasse 5 (aksjar). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Opptak av lån

| Långjevar | Gjeld 01.01 | Gjeld 31.12 | Rente i gj.snitt i % | Ant lån |
|----------------|--------------------|--------------------|----------------------|-----------|
| Husbanken | 162 385 | 86 400 | 4,68 | 1 |
| KLP | 73 179 194 | 66 791 492 | 5,31 | 4 |
| Kommunalbanken | 154 202 470 | 136 929 580 | 5,27 | 13 |
| Totalt | 227 544 049 | 202 623 285 | 5,31 | 18 |

Ingen lån har rentebinding.

Det er ikkje tatt opp nye lån i perioden.

Differansen mellom gjennomsnittleg innskot i bank og låneopptak er positiv med NOK 201,4 mill. Ein endring på 1% i rentenivå vil auka finansresultat med NOK 2,014 mill.



Investering

| Linje | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------|---------------------------|------|------|------|------|------|------|
| 1 | Tal budsjetterte prosjekt | 35 | 39 | 72 | 53 | 45 | 39 |

Etterslepet på prosjekt i 2024 som skal videreførast i 2025 vert budsjettregulert i eiga sak i 2025

| Dei største utbyggingsprosjekta i 2022: | | Bruk i 2024 (mill.) | Bruk t.o.m. 2024 (mill.) |
|---|--|------------------------|-----------------------------|
| 1 | IT (ulike prosjekt) | 2,2 | |
| 2 | Bygging Vinjarheim | 5,1 | 5,1 |
| 3 | Ny Suldal sjukeheim 1) | 193,8 | 331,6 |
| 4 | Sand sentrum Nord, Bekkjatorget m.v. | 1,4 | 21,6 |
| 5 | Leige for eige bustadar, S.osen og Erfjord | 10,3 | 10,3 |
| 6 | Leige for å eige bustadar, Sand | 5,5 | 10,9 |
| 7 | Bustadfelt Jelsa | 4,9 | 21,9 |
| 8 | Kjøp av «Tønnefabrikken», Jelsa | 25,7 | 25,7 |
| 9 | Bygging av elevheimar Rygjatun | 73,5 | 103,3 |
| 10 | Suldalhallen, ventilasjon | 1,3 | 1,3 |
| 11 | VA grøft Sjukeheimen, inkl. overvatn | 4,1 | 4,1 |
| 12 | Brannstasjon Suldalsosen | 5,7 | 5,7 |
| 13 | Nytt vassverk Vatlandsvåg | 2,7 | 6,1 |
| 14 | Bilpark brannvesenet | 3,9 | 3,9 |
| 15 | Ny sopebil | 2,9 | 2,9 |
| 16 | Ombygging til LED lys | 1,0 | 2,9 |

1)Av nutta midlar til Suldal sjukeheim har Suldal kommune fått tilsegn på 81,454 mill. kr i tilskot frå Husbanken.

Suldal sjukeheim

Den tidlegare sjukeheimen vart riven i 2023. Bygging av ny sjukeheim starta sommaren 2023, og prosjektet følger den oppsette framdriftsplanen og skal stå ferdig 7.mai 2025. Sjukeheimen har i denne perioden blitt drifta både på Vinjarheim og kortidsavdelinga på Bjødnateigen med reduserte plassar, noko som har ført til ventelister på langtidsplass.

Sand Sentrum Nord

Byggeprosjektet Sand sentrum Nord omfattar opprusting og utbygging av areala som ligg innafor vedtatt reguleringsplan for Sand

sentrum Nord. Utbygginga skal skje i tre byggetrinn.

Byggetrinn I, som omfattar opparbeiding av områda ved Bekkjatorget med tilhøyrande kaiareal og trafikkareal, er fullført og overteken i 2024.

Byggetrinn II (veg og parkeringsareala frå vegkrysset mot Gata og opp mot avkøyrsla til kommunehuset) og Byggetrinn III/ Rallebekkjen (utarbeiding av veg-, gang- og parkeringsareal mellom avkøyrsla opp til kommunehuset og inn mot Nedre Dalane) er under planlegging. Grunna forseinka behandling i Rogaland Fylkeskommune blir byggetrinn II og III sett samla og lyst ut på anbod i våren 2025, med forventa byggestart hausten 2025.

Sandaneset bustadfelt, Jelsa

Byggestart for opparbeiding av bustadfeltet var våren 2022. Bustadfeltet inneheld til saman 23 tomter for bygging av einebustader og eit område til konsentrert utbygging av rekkehus eller liknande. Prosjektet er under avslutning.

Ny vassforsyning Kjølvik/Vatlandsvåg

Etablering av ny vassforsyning/overføring frå Berakvam til høgdemagasinet på Kjølvik. Prosjektet vart starta opp hausten 2023 og vart avslutta i september 2024.

Nytt vassverk Sand - Hønesteg

Mattilsynet har stilt krav om at Sand skal ha eit operativt reservevassverk. Etter at bygginga av nye vassverket på Hønesteg er gjennomført, vil eksisterande vassverk i Larvika på Sand bli reservevasskjelde for Sand.

Bygginga av det nye vassverket startar i januar 2025, med forventa ferdigstilling i desember 2025.

Leige for eige bustadar på Suldalsosen og i Erfjord

Prosjektet omfattar bygging av to einebustadar i bustadfeltet Klypetjørn på Suldalsosen og to i bustadfeltet Skjerahaug i Erfjord. Bustadane er også ein del av rekrutteringsprosjektet som kommunen har sett i gong.

Leige for eige bustadar, Sand

Det vart kjøpt fire leilegheiter i Haugen bustadfelt på Eide, Sand. Desse bustadane er også del av rekrutteringsprosjektet som kommunen har sett i gong.

Bygging av elevheim ved Rygjatun

Prosjektet omfattar bygging av ein ny elevheim ved Rygjatun med 60 elevrom. Det er vedteke ei budsjettramme på kr 153,5 millionar for åra 2023–2025.

Prosjektet er påbyrja og følgjer den oppsette framdriftsplanen, med overlevering sommaren 2025.

Nye Suldal sjukeheim.



Lånefinansiering av årets investeringar

Anbefalt nøkkeltal (50-60%)

| Linje | (heile tusen) | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------|-----------------------------|--------|--------|--------|--------|---------|---------|
| 1 | Investering i anleggsmidlar | 91 583 | 38 230 | 99 874 | 48 961 | 220 340 | 348 869 |
| 2 | Lånefinansiert | 48 564 | 0 | 52 446 | 0 | 6 930 | 13 389 |
| 3 | % lånefinansiert | 53,0 | 0 | 52,5 | 0 | 3,2 | 3,8 |

Avslutta investeringsprosjekt i 2024

| Nr | Prosjekt som er avslutta pr. 31.12.2024 | Budsjett i heile kr | Rekneskap i heile kr | Avvik (R-B) Minus er underforbruk | Kommentar |
|----|---|---------------------|----------------------|--------------------------------------|-------------------------------------|
| 1 | 601203 Oppgr. Suldalsosen vassv., forprosjekt | 270 186 | 0 | -270 186 | Vurdert - ikke naudsynt investering |
| 2 | 601804 Gravemaskin Teknisk drift | 315 000 | 312 500 | -2 500 | Gjennomført |
| 3 | 601805 Minigravar | 500 000 | 454 875 | -45 125 | Gjennomført |
| 4 | 601904 Ny sopebil | 2 800 000 | 2 857 500 | 57 500 | Gjennomført |
| 5 | 603601 Ny vassforsyning Vatlandsvåg / Kjølvikstølen | 8 800 000 | 6 637 599 | -2 162 401 | Gjennomført |
| 6 | 604101 Kloakkrenseanlegg Sand | 750 000 | 657 423 | -92 577 | Gjennomført |
| 7 | 705701 Gangveg Sand - Garaneset | 4 586 015 | 4 182 567 | -403 448 | Gjennomført |

Nye Rygjatur



Einingane

Einingane (inkludert politikk og kommunedirektøren)

| | Einingar (heile tusen) | Oopr. budsj. | Reg. budsj. | Rekneskap | Avvik Reg. bud. rekneskap | Avvik Reg. bud rekneskap |
|-----------|---------------------------------------|-----------------|----------------|----------------|---------------------------------|--------------------------------|
| | | Kroner | Kroner | Kroner | Kroner | % |
| 1 | Form.sk/K-styre | 7 259 | 6 802 | 6 652 | 150 | 2,2 |
| 2 | Levekår | 465 | 465 | 354 | 111 | 23,9 |
| 3 | LMT | 507 | 496 | 363 | 133 | 26,8 |
| 4 | Kommunedirektøren | 5 793 | 3 141 | 3 015 | 126 | 4,0 |
| 5 | ØKONOMI OG ORGANISASJON | 82 599 | 76 390 | 63 775 | 12 615 | 16,5 |
| 6 | Økonomi og organisasjon | 37 035 | 30 685 | 27 086 | 3 599 | 11,7 |
| 7 | Kommunekassen | 15 847 | 18 718 | 15 190 | 3 528 | 18,9 |
| 8 | Organisasjon og innbyggarkontakt | 22 888 | 19 655 | 17 181 | 2 474 | 12,6 |
| | RITS | 6 829 | 7 332 | 4 318 | 3 014 | 41,1 |
| 9 | OPPVEKST | 123 382 | 130 203 | 130 402 | -199 | -0,2 |
| 10 | Overordna oppvekst | 11 155 | 10 413 | 8 481 | 1 932 | 18,6 |
| 11 | PPT | 3 216 | 3 600 | 2 930 | 670 | 18,6 |
| 12 | Stølane barnehage | 8 241 | 9 236 | 9 313 | -77 | -0,8 |
| 13 | Kjølvikstølen barnehage | 4 888 | 5 894 | 5 574 | 320 | 5,4 |
| 14 | Vinjar barnehage | 8 464 | 10 779 | 11 013 | -234 | -2,2 |
| 15 | Sand barnehage | 12 844 | 15 888 | 16 559 | -671 | -4,2 |
| 16 | Erfjord skule | 7 982 | 8 739 | 9 529 | -790 | -9,0 |
| 17 | Marvik skule | 4 125 | 4 685 | 4 311 | 374 | 8,0 |
| 18 | Sand skule | 31 475 | 37 870 | 38 242 | -372 | -1,0 |
| 19 | Vinjar skule | 11 548 | 13 844 | 15 469 | -1 625 | -11,7 |
| 20 | Jelsa oppvekstsenter | 6 469 | 7 463 | 7 463 | 0 | |
| 21 | Nesflaten oppvekstsenter | 6 307 | 4 041 | 4 074 | -33 | -0,8 |
| 22 | Vanvik oppvekstsenter | 3 780 | 1 973 | 1 678 | 295 | 15,0 |
| 23 | Gullingen leirskule | 1 165 | 1 227 | 1 232 | -5 | -0,4 |
| 24 | Introsenteret i Suldal | 1 723 | -5 449 | -5 466 | 17 | 0,3 |
| 25 | HELSE OG VELFERD | 168 627 | 187 597 | 184 965 | 2 632 | 1,4 |
| 26 | Helse og Velferd | 9 006 | 4 357 | 3 602 | 755 | 17,3 |
| 27 | NAV | 6 639 | 9 511 | 8 193 | 1 318 | 13,9 |
| 28 | Suldal sjukeheim | 40 614 | 54 704 | 54 184 | 520 | 1,0 |
| 29 | Helse | 25 270 | 30 898 | 31 170 | -272 | -0,9 |
| 30 | Suldal heimeteneste | 53 169 | 51 594 | 51 237 | 357 | 0,7 |
| 31 | Suldal bu- og aktivitetstiltak | 23 340 | 25 944 | 26 644 | -700 | -2,7 |
| 32 | Barnevern | 10 589 | 10 589 | 9 935 | 654 | 6,2 |
| 33 | Kultur- og samfunns- utvikling | 126 858 | 146 911 | 147 931 | -1 020 | -0,7 |
| 34 | Kultur- og samfunnsutvikling | 11 056 | 11 479 | 10 617 | 862 | 7,5 |
| 35 | Bygdeutvikling | 11 992 | 12 450 | 12 839 | -389 | -3,1 |
| 36 | Kultur | 24 280 | 27 200 | 28 385 | -1 185 | -4,4 |
| 37 | Teknisk drift | 79 530 | 95 782 | 96 090 | -308 | -0,3 |
| 38 | SAMLA SUM | 515 489 | 552 005 | 537 457 | 14 548 | 2,6 |

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

Einingane har fått budsjettregulert for straumutgiftene i 2. tertialrapport.

Løn, sosiale kostnadar og kjøp av vikartenester

Samla for løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift har einingane nytta kr. 3,4 mill. mindre enn regulert budsjett.

I 2024 er det nytta meir vikarar enn i 2023, både korttidsvikar og vikar over 16 dagar. For fleire av tenesteområda er også sjukefråværsprosenten auka i 2024. Samstundes slit ein med å få tak i rett kompetanse ved sjukefråvær (sjå eigen omtale under kap. «Større saker som organisasjonen har jobba med»).

Det er nytta vikarbyrå med kr. 3,9 mill. hjå Helse og kr. 1,9 mill. hjå Suldal sjukeheim. Samla kjøp av vikartenester i 2024 kr. 5,8 mill. mot kr. 10,8 mill. i 2023. Stor del av reduksjonen kjem av at ein har fått tilsett faste intervallegar hjå Helse.

Det er fortsett mange engasjementstillingar knytt til driftsprosjekt i 2024. I forhold til året føre er det ein liten auke.

For 2024 er det ein betydeleg auke i bruk av overtid i forhold til året føre. Ein del av denne bruken kjem av vanskar med å skaffa vikar.

Pensjon

Som vedteke i budsjett 2024 er det nytta midlar frå premiefondet til dekning av pensjonspremie. Det er nytta kr. 9,878 mill. i fellesordninga og kr. 1,122 mill. i sjukepleiarordninga, samla kr. 11,0 mill. i bruk av premiefond. Saldo på premiefondet

hjå KLP er pr. 31.12.24 kr. 64,6 mill., fordelt med kr. 13,3 mill. på sjukepleiarordninga og kr. 51,3 mill. på fellesordninga. Det er vedteke å nytta midlane frå premiefondet i den komande økonomiplanperioden, fordelt ut på alle fire åra. Talet på dei som tek ut AFP held seg stabilt på 10 personar. Denne ordninga gjeld for dei som er født i 1962 og tidlegare. Ordninga går ut i løpet av få år. Det er ny ordning for dei som er født i 1963 og seinare. Talet på dei som tek ut seniorpolitiske tiltak går ned.

Mottak av flyktningar, mellombelse stillingar og arbeid til flyktningane.

Det er i 2024 kome 65 nye flyktningar til Suldal. Saman med dei 92 som kom 2023 og dei 90 som kom i 2022 syner dette att i folketalsstatistikken. Nokre av flyktningane har flytta ut av landet eller vidare til andre kommunar, men samla for dei tre åra er det 212 som fortsett bur i kommunen. At det kjem så mange flyktningar gir også nokre utfordringar. I ein periode treng me fleire folk i arbeid for å få til busetjing, opplæring, helseoppfølging, barnehageplassar, praksisplassar m.m. I tillegg har sosialhjelpsutbetalingane auka monaleg i 2024. Det vert særskilt viktig å jobba med språkopplæring og arbeidsplassar til flyktningane som er komne i året som kjem.

Førjulsstemning på Suldal sjukeheim.



Kjøp av varer og tenester

Dei generelle kostnadane til innleige og leverandørar, materialar og tenester har gått monaleg ned i 2024 i forhold til året føre. Samla utgjer reduksjonen kr. 23,8 mill.

Kjøp av tenester

Det aller meste av reduksjonen kjem frå mindre kjøp av vikar- og konsulenttenester, vedlikehaldstenester og kjøp av tenester frå kommunar og private. Når det gjeld mindre kjøp av vikartenester, så dreiar det meste seg om redusert kjøp av legevikartenester. For vedlikehaldstenester kjem dei største reduksjonane frå mindre utgifter til brøyting (eigen omtale), vedlikehald vegar og asfaltering.

Kjøp av branntenester

Etablering av eige brann og redningsvesen sommaren 2023, med avtale om kjøp av forebyggande tenester og brannsjef bidreg til eit stort avvik. Samla avvik 1,7 mill. kr. over regulert budsjett. Avviket kjem av meir lønsutgifter og godtgjersler enn budsjettet, samt overforbruk på opplæring og fornying klede/utstyr. Sjå eigen tabell under.

Brøyteutgifter

Utgifter til brøyting er fortsett høge, sjølv om dei går ned kr. 1 mill. frå 2023.

For å møta svingingane i brøyteutgifter mellom åra er det for 2024 oppretta eit brøytefond på kr. 5 mill som skal nyttast til å ta svingingane. Det er nytta kr. 2,7 mill. frå brøytefondet i 2024.

| Beredskap mot brannar og andre ulykker (heile tusen) | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| Løner | 0 | 3 190 | 5 961 |
| Andre driftsutgifter | 220 | 1 362 | 1 649 |
| Kjøp av tenester | 5 689 | 2 924 | 999 |
| Sals- og leigeinntekter | -926 | -388 | -408 |
| SAMLA SUM | 4 983 | 7 088 | 8 201 |

I 2022 er Suldal kommune del av Haugaland brann og redning IKS

I 2023 er ein delar av året del av Haugaland brann og redning IKS og delar av året har ein eigen brann og redningsteneste. Heile 2024 har ein eigen brann og redningsteneste.

| Brøyting vegar og parkeringsplassar (heile tusen) | Rekneskap 2020 | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Ropeidhalvøya | 105 | 460 | 451 | 655 | 666 |
| Jelsa | 41 | 233 | 253 | 438 | 428 |
| Erfjord | 207 | 472 | 335 | 672 | 549 |
| Sand 1) | 327 | 1 007 | 720 | 1 939 | 1 779 |
| Suldalsosen | 955 | 1 007 | 1 432 | 1 746 | 1 414 |
| Nesflaten | 314 | 307 | 615 | 644 | 651 |
| Ulladalen | 970 | 732 | 1 221 | 1 789 | 1 850 |
| Hylsfjorden | 351 | 491 | 818 | 940 | 520 |
| SAMLA SUM | 3 270 | 4 709 | 5 845 | 8 821 | 7 857 |

I tillegg kjem beredskapsgodtgjersle som i 2024 utgjer 1,473 mill. kr.

1)Timebruk eigne tilsette på dagtid knytt til brøyting Sand er ikkje fordelt.

Tilskotsordningar

Søskenmoderasjonar og gratis kjernetid

Søskenmoderasjonar og gratis kjernetid samla for barnehage og SFO utgjer i 2024 om lag kr. 1,7 mill. Av dette gjeld kr. 1,468 mill. SFO og kr. 0,280 mill. barnehage for 2024.

Sosialhjelp

Ved mottak av flyktninger mottek Suldal kommune integreringstilskot i 5 år. Tilskotet er høgst dei to første åra og vert så redusert dei påfølgjande åra. Det er difor særsviktig å lukkast med å få flyktningar i jobb slik at dei klarar å forsørge seg å sine sjølve. Dersom dei ikkje kjem ut i arbeid vil ein etter kvart få eit utfordring når det gjeld sosialutgifter. Slik som det er lagt opp nå

vert sosialhjelp/supplerande sosialhjelp dekt av integreringstilskotet dei 5 første åra. I økonomiplanen er det teke høgde for ein auke i sosialhjelpsutbetalingane i åra som kjem, då dei fleste flyktningane er ferdige i introduksjonsprogrammet. Frå og med 2027 har den første store gruppa med flyktningar vore her i 5 år. Det er stor auke i sosialutbetalingar i 2022, 2023 og 2024, men som tabellen under syner, er den store auken innafor sosialhjelp til flyktningar. Når flyktningane vert busett i Suldal får dei sosialhjelp til etablering, bu utgifter og livsopphald før dei kjem i gong med intro-programmet. I tillegg får ein del av flyktningane supplerande sosialhjelp medan dei får introduksjonsløn. Auken i sosialhjelp er høgst i 2022, 2023 og 2024, som er dei åra som me har teke imot flest flyktningar. Det er utfordringar med å få nok arbeidsplassar til denne gruppa, dels på grunn av lite arbeid og utfordring med norsk språk.

| Sosialhjelp | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|
| Sosialhjelpstilfelle (tal) | 102 | 85 | 143 | 214 | 198 |
| Tal barn i familiarar som mottek sosialhjelp | 83 | 63 | 91 | 158 | 143 |
| Busette flyktningar, tal frå IMDI | 6 | 14 | 90 | 92 | 65 |
| Sosialhjelpsutbetalingar (heile tusen) | | | | | |
| Flyktningar 1), livsopphald | 1 059 | 969 | 2 256 | 3 923 | 6 690 |
| bu utgifter | 133 | 91 | 1 016 | 1 779 | 1 980 |
| andre føremål | 541 | 247 | 1 774 | 2 431 | 1 732 |
| Andre 1) livsopphald | 953 | 1 118 | 933 | 1 419 | 1 916 |
| bu utgifter | 431 | 591 | 404 | 405 | 400 |
| andre føremål | 436 | 339 | 575 | 683 | 690 |

1)Som flyktning ved sosialhjelpsutbetaling, reknast dei som er innafor dei 5 åra som ein får integreringstilskot frå IMDI. Etter 5 år vert dei ein del av «Andre».

Støtteordning straumtiltak (ENØK)

Ordninga er svært populær. Til no har over 2000 søknader blitt innvilga. Tal søknader går ned, men det er fortsett rundt 30-50 søknader i månaden. Per 31.12.2024 var det utbetalt kr 38,4 millionar kr fordelt på 1937 søknader. . I snitt blir det utbetalt cirka kr 20.000 per søknad.

Det blei mest ikkje søkt om støtte til solcelleanlegg i 2024.

Det kjem framleis mange søknader om varmepumpe og omn.


Tal søknader om støtte til etterisolering og skifte av vindauge har vore aukande. Slik regelverket er i dag, så det ikkje opning for hytter til å søke på dette tilskotet.

| Innvilga søknader per februar 2025 | Hushald | Hytter | Næring | Totalt |
|------------------------------------|-------------|------------|------------|-------------|
| Varmepumpe | 774 | 566 | 44 | 1384 |
| Etterisolering/vindauge | 241 | | 15 | 256 |
| Reintbrennande omn | 165 | 76 | | 241 |
| Solcelle | 62 | 17 | 32 | 111 |
| Andre energitiltak | 24 | 6 | 14 | 44 |
| Sum | 1266 | 665 | 105 | 2036 |

Straumstøtte til næringslivet

Suldal kommune dekka 90% av straumkostnaden over 70øre/kwh for næringslivet i 2024. Straumprisen var vesentleg lågare i 2024 enn i 2022 og 2023, så totalt ble det berre gitt stønad med i underkant av kr 120.000. Ordninga gjekk ut i 2024.

Spotpris NO2



Innkjøp

Under finn ein oversikt over større kjøp. Bank, forsikring, straum og kjøp i frå kommunar og IKS er haldne utanfor.

| Gruppe | Beløp | Fakturaer | Kommentar |
|----------------------------|-------------|-----------|------------------------------|
| CONSTO AS | 208 016 740 | 363 | Sjukeheimen |
| CONSTO ROGALAND AS | 73 313 102 | 63 | Rygjatun Camp |
| ODEL OG EIE AS | 10 664 852 | 15 | Kv Bygg – hus og leiligheter |
| OMEGA AREAL AS | 10 489 534 | 203 | Prosjektering |
| SULDAL HYTTEBYGG AS | 5 002 975 | 9 | Hus |
| BRØDRENE SELVIK AS | 4 982 540 | 21 | Entreprenør diverse |
| TRÆGÅRDEN MASKINSTASJON AS | 4 382 384 | 25 | Brøyting |
| EGENES BRANNTEKNIKK AS | 3 913 825 | 10 | Brannbil |
| KLUNGTVET SVEIN AS | 3 540 548 | 61 | Slam, mm |
| NORDLYS VIKAR AS | 3 123 640 | 15 | Helsevikar |
| SULDAL IDRETTSLAG | 3 110 643 | 14 | Prosjekt idrettsanlegg |
| SIGURD STAVE MASKIN AS | 3 082 500 | 1 | Feiebil |
| KJOSAVIK EMBALLASJE VEST | 3 070 289 | 779 | Kontormat og mat |
| RYFYLKE ELEKTRO AS | 2 946 123 | 269 | Elektrikar |
| HELGEVOLD ELEKTRO AS | 2 914 836 | 126 | Elektrikar |
| KOLUMBUS AS | 2 880 551 | 42 | Buss |
| FISKÅ MASKIN AS | 2 824 690 | 8 | Entreprenør diverse |
| KV BYGG SULDAL AS | 2 362 833 | 40 | Bygg mindre prosjekt |
| ARVAL AS | 2 309 980 | 222 | Leasing bil |
| KINOTECH AS | 2 134 403 | 8 | Kinomaskin |
| BG SULDAL AS | 2 107 009 | 6 | Entreprenør diverse |
| RYSTEG AS | 2 057 611 | 134 | Arbeidsmarkedstiltak |
| HAUGALAND KRAFT FIBER AS | 2 047 151 | 268 | Fiber |
| VISMA UNIQUE AS | 1 661 134 | 65 | Økonomisystem |
| CRAMO AS | 1 632 071 | 45 | Brakker Rygjatun |
| IVAR NÆRING AS | 1 516 970 | 405 | Avfall |
| OPTIMERA AS | 1 399 608 | 558 | Diverse byggmateriell |
| KONSTALI HELSENOR AS | 1 331 180 | 12 | Helsevikar |
| NORICOM SPRÅKTJENESTER AS | 1 236 246 | 136 | Tolk |
| ASKO ROGALAND AS | 1 230 599 | 201 | Reinhaldsprodukt |
| NORVA24 VEST AS | 1 200 340 | 31 | Slam |
| DUSTIN NORWAY AS | 1 171 460 | 124 | Kopimaskin |
| ACOS AS | 1 170 245 | 11 | Arkiv |
| ROGALAND REVISJON IKS | 1 119 130 | 12 | Revisjon |
| NORKART AS, C/O CHECKIN AS | 1 090 890 | 31 | Kart |
| ADVANIA NORGE AS | 1 026 324 | 28 | Dataustyr |
| ENVIROPROCESS NORWAY AS | 1 025 637 | 20 | Vedlikehald Suldal bad |

Politikk og organisasjon

Politisk verksemd

Lokaldemokratiprosjekt

Suldal kommune har vore ein føregangskommune på lokaldemokrati.

Prosjektet vart avslutta i juni 2024 med ein nasjonal lokaldemokratikonferanse i Oslo rådhus.

Her presenterte Suldal og dei andre seks deltagarkommunane sine erfaringar.

Det vart lansert ei inspirasjonsbrosyre for norske kommunar om innbyggarmedverknad på bakgrunn av prosjektet. I Suldal er det særleg arbeidet med grendeutvala som har vore fokusert på, der informasjonsflyten, opplæringa, og strukturen rundt utvala har vorte endra, og det er no kommunestyremedlem i alle grendeutvala.

Også tiltak som strømming av utvalsmøte, infoskjermar og gjestebod er medverknadstiltak som har kome som ein del av prosjektet.



INNBYGGERMEDVIRKNING

Hvordan koble innbyggerdeltakelsen til det representative systemet i kommunene?

Kommunal- og distriktsdepartementet

Lokaldemokratikonferanse: Varaordførar Torbjørn Indrebø og grendeutvalsleiar Ellen Iversen saman med ordførar og nærmiljømedlem frå Sunnfjord kommune



Suldal kommune si politiske verksemd

Suldal kommune har ei brei folkevald organisering. Utover det lovpålagde formannskapet har ein tre hovudutval, levekårsutvalet, LMT-utvalet og admu, 3 medverknadsråd og 7 grendeutval. Rundt 60 ulike innbyggjarar i Suldal kommune har verv som folkevald i desse organa.

Frikjøpt til politisk verksemd er ordførar i 100 %, varaordførar i 17,5 % og politisk ressurs i 9 %, til saman 126,5 % stilling.

Det er no eit høgare utgiftsnivå på politisk verksemd enn tidlegare. Dette skuldast at satsen for politiske møte vart auka ved vedtak av ny forskrift for godtgjersle av folkevalde i 2023, størstedelen av dei politiske godtgjeringane er knytt til stortingsrepresentantgodtgjersle som

aukar årleg, og at det vart oppretta ein ny politisk ressurs frå 2024. Utgiftene til politisk verksemd som var på 5,5 millionar i 2022 var på 7,4 millionar kroner i 2024, ei auke på 34%


| Organ | Antal representantar |
|--|----------------------|
| Kommunestyret | 19 |
| Formannskapet | 7 |
| LMT, levekår, admu | 15 |
| Medverknadsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd | 15 |
| Grendeutval | 35 |

Samarbeid med Stavanger kommune.



Større saker organisasjonen har arbeidd med

Krysspunkt 2025



I framskrive rammetilskot basert på endring i utgiftsbehov ser ein at ein vil få liten auke i rammetilskot frå staten dei komande åra. Ein vil få lågare rammetilskot for barn i barnehage- og grunnskulealder og meir knytt til dei som er 67 år og eldre. Dette krev at ein flyttar ressursar frå oppvekst til omsorg i tida som kjem. Med bakgrunn i dette vart det i starten av 2022 sett saman ei arbeidsgruppe som skulle sjå på korleis kommunen skulle rusta seg for dei framskrivne demografiske endringane.

Framtidas oppvekst, barnehage- og skulebruksplan

Etter vedtak om framtidas oppvekst i desember 2023 blei det gjort vedtak K 037/24 den 19. juni:

- Nytt pkt 3. Ny barnehage og skulebruksplan vert framskunda til 2025. I planen skal ein sjå på nye skular. Dette gjeld for mellom anna Marvik, kor oppvekstsenter vert ei av løysingane som vert vurdert. Ny ungdomsskule på Sand skal og vera ein del av planen.
- Nytt punkt 4: Nesflaten barnehage blir ei avdeling under Vinjar barnehage frå 1. aug 2024. Avdelinga skal vera fysisk lokalisert på Nesflaten. Kommunedirektøren skal arbeida kontinuerleg med rekruttering av tilsette til barnehagen på Nesflaten. Rekrutteringsarbeidet skal starta 20.06.24. Avdelinga på Nesflaten skal opnast for drift så snart dette er på plass, og så snart som mogleg. Kommunedirektøren skal strekkja seg langt for å finna løysingar. Nytt opptak 01.09.2024.
- Prosjektmandatet for barnehage- og skulebruksplan blei vedteke av kommunestyret 18. desember 2024.

Framtidas offentlege tenester

Framtidas offentlege tenester vil skje med færre hender. Både lokalt og nasjonalt vil det bli større konkurranse om kompetanse, og dette vil utfordra tenestekvaliteten for innbyggjarane.

Kompetanse hos tilsette er grunnleggjande for kvaliteten i tenestene våre.

Krav til kompetanse

I barnehage og skule er det krav til kompetanse for tilsettning og undervisning. Det er ikkje nok tilsette lærarar i oppvekst for å oppfylla kompetansekrava. Det gjer at tilsette med annan kompetanse vert tilsett mellombels i stillingar som lærar. Dette er i stor grad fagarbeidarar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. På Helse er det krav til spesialisering som allmennlege. Av 8 legar er det nå 2 legar som er i utdanningsløp, resten er spesialistar innan allmennmedisin. På Helsestasjon har Suldal mangla helsejukepleiarkompetanse, men alle tilsette der har nå vore i utdanning og er ferdige i løpet av 2025. Suldal vil då ha 3 helsejukepleiarar.

I organisasjonen er det nå fleire som tek utdanninger som det er stort behov for, slik som, barnehagelærarar, grunnskulelærarar, vernepleiar og sjukepleiar. Dei som tek desse utdanningane har fått støtte i frå blant anna Suldal kommune og Utdanningsdirektoratet

Færre hender og overtaligkeit

Det er svært utfordrande å skaffa / rekruttera vikarar. Mange vikarar har av den grunn blitt tilsett utan nødvendig kompetanse. Etter 3 år som vikar har du rett på fast stilling. Dei siste åra har kommunen fått fleire faste tilsette som ikkje kan gå inn i vakante stillingar då dei ikkje har rett kompetanse. Utfordringa med å skaffa vikar med rett kompetanse ser ein innafor blant anna barnehage, skule, sjukeheim og heimetenesta. Det er nå sett i gong eit arbeid for å finna ei ordning der ein får nytta dei som allereie er fast tilsette etter krav om fast stilling som vikarar på ein slik måte at ein får «bremsa» talet på dei som får rett på fast stilling i framtida. I tillegg til dette kjem endring i behov for tilsette innafor oppvekst (reduksjon) og omsorg (auke). Det er fleire tilsette innafor oppvekst som har kompetanse som det er behov for i omsorg i åra som kjem.

Leiarrolla

Å vera leiar er ei spennande og krevjande rolle. Opgåvane er mange, og rolla er i utvikling både lokalt og nasjonalt. Leiarane har delegert mynde innanfor økonomi, personal og fagutvikling. Dei har stor grad av fridom til å løyse oppgåvane innan fastsette mål og rammer. Dei siste åra har det det vore stor utskifting av leiarar, særleg innan oppvekst, og arbeidet med å rekruttera har vore omfattande og ressurskrevjande.

70-åringar på jobb for Suldal kommune, Signy Øvrebø og Alise Askvik.



Behov for nye årsverk i omsorg

Innan 2027 vil omsorg i Suldal trenge 5-7 nye årsverk. Den demografiske utviklinga kan ein allereie sjå. Det har vore auke i bruken av heimetenester med fleire brukarar og arbeidsoppgåvene er meir komplekse.

Styrking av legevakt i distrikta

Sauda og Suldal kommune fekk prosjektmidlar for å sjå på «*Teknologi for meir berekraftige legevakttenester i distrikta*». I prosjektperioden er det gjennomført omfattande kartlegging og analysearbeid for å få innsikt i blant anna type førespurnadar det er til legevakt, kven nyttar legevakt og bruk av ambulanse. Prosjektet har innhenta erfaringar frå andre kommunar som har testa telemedisinske løysning , blant anna Frøya og Hitra. Fagleg rettleiing er gitt av Norsk kompetansesenter for legevaktmedisin og andre relevante aktørar. Foreløpig analysar tyde på at telemedisinske løysingar kan ha nytteverdi, men ikkje aleine vera tilstrekkeleg for å dekka behovet. Det skjer framleis vurdering av ulike alternative løysingar for ei meir berekraftig legevaksatsordning i Suldal, og det vil bli gitt ei skriftleg orientering til kommunestyret i løpet av 2025, der meir utfyllande informasjon vil bli presentert.

Intervall-legar

4 dyktige intervall-legar er nå på plass, 3 av dei er spesialistar innan allmennmedisin, 1 er under

spesialisering. Legane har 2 veker oppmøte i Suldal med utvida arbeidstid. I dei 4 vekene dei er borte frå Suldal utfører dei fastlege oppgåver knytt til sine pasientar. Det var ei tydeleg forventning frå arbeidsgivar om auke i pasientlister som aukar tilgangen på lege for innbyggjarane. Ved tilsetting var 3 faste stillingar vakante, og 4 intervall legar vart tilsett, alle i 100 % stilling. Det har ført til overforbruk på løn. 2 legar har vore i permisjon i løpet av 2024 og ein valde ikkje å sette vikar inn for den eine for å ta ned overforbruket. Evaluering av intervall ordninga skal skje i 2025.

Strategisk rekruttering

Rett kompetanse er og vil vere ei utfordring når kommunen skal rekruttere. Det toårlige prosjektet som arbeider med å utarbeide ein heilskapleg rekrutteringsplan har eit overordna blikk på korleis organisasjonen kan og bør arbeide med utfordringane knytt til rekruttering. Arbeidet blir forankra breitt i organisasjonen, og blir konkretisert i ulike prosjekter knytt til kommunikasjon, kompetansebygging og rettleiing.



Yeebio har fått fagbrev, Suldal heimetenester.

Koordinering av tenester til barn og unge

Koordinerande eining har det overordna ansvaret for arbeidet med individuell plan og oppnemning, opplæring og iverksetting av koordinator. Det er 44 brukarar som har individuell plan der 42 har koordinator i Helse og Velferd. Her må ein få til eit betre samarbeid på tverrfaglege tenester innan oppvekst og helse og velferd.

Næringsutvikling

Næring og utvikling i Suldal kommune

2024 har vore eit år prega av utvikling og nye moglegheiter for næringslivet i Suldal. Gjennom målretta satsing på næringsutvikling, infrastruktur og samarbeid har kommunen lagt til rette for vekst og verdiskaping i fleire sektorar.

Eit viktig steg for å styrke næringsarbeidet i kommunen var tilsetjing i 2 prosjektstillingar, ein mogleghetsutviklar, og ein ressurs på planarbeid Bygdeutvikling, som har sentrale roller i å kartlegge og realisere nye areal og næringsmoglegheiter og auke plankapasiteten.

Industri og næringsareal

Arbeidet med næringsområdet ved Tysingvatnet har vore eit prioritert satsingsområde. Straumtilgang er kartlagt, og næringsarealet blir

snart presentert i eit prospekt for potensielle etablerarar. Samtidig ser me på nye moglegheiter for utvikling av næringsarealet på Jelsa ("Tønnefabrikken"), der ulike konsept vert vurderte.

RSK – høyringssvar NVE

Det har vore eit omfattande arbeid i heile 2024 for å utarbeida høyringssvar på konsesjonssøknaden og miljø revisjonen til RSK.

Berakvam

Fasilitert og bygd opp under arbeidet med å realisere næringsareal på Berakvam. Det pågår eit stort reguleringsarbeid som har tatt store ressursar frå eining Bygdeutvikling.

Havbruk og blå næringar

For å kartlegge potensialet for havbruksnæring i kommunen, har me sett i gang ei kartlegging av tilgjengeleg næringsareal og moglegheiter for landbasert havbruk. Ein rapport vil snart gje oss betre innsikt i korleis Suldal kan legge til rette for berekraftig vekst innan denne næringa.

Sand skule arrangerte MOT til å glede – dagen.



Reiseliv og kraftturisme

Suldal har unike naturressursar og eit stort potensial for vekst innan reiseliv. Under parolen "Kraftturisme" ønskjer me å styrke Suldal som reisemål og utnytte dei moglegheitene som ligg i kraftkommunen vår. Det er søkt om midlar frå Regionalt Næringsfond til eit forprosjekt som skal konkretisere tiltak for auka innsats på dette feltet.

Samarbeid med Næringshagen i Ryfylke

Kommunen samarbeider med Næringshagen i Ryfylke, som har ei rolle i næringsutviklinga lokalt. Dei bidreg til å støtte etablerarar og verksemder, og hjelper kommunen med å realisere initiativ innan reiseliv.

Gjennom desse satsingane legg Suldal kommune grunnlaget for vidare utvikling, nye arbeidsplassar og styrka næringsliv i åra som kjem.

LEAN

Suldal kommune er ein LEAN-kommune. LEAN er ei forkorting på engelsk, på norsk blir det oversett som «systematisk forbedringsarbeid». LEAN er ein måte å tenka, prioritera og handla på. Det handlar om å nytta dei kommunale ressursane best mogleg for å skapa mest mogleg kvalitet i tenestene og eit godt og utviklande arbeidsmiljø for dei tilsette. I løpet av 2024 har alle einingane i Suldal kommune gjennomført LEAN-skulen. LEAN-skulen går over 6 fysiske kursdagar, med digital oppfølging av kurshaldar mellom samlingane. Med dette er det første opplæringsløpet av LEAN gjennomført og organisasjonen skal riggast for kontinuerleg arbeid med verktøya dei har hatt opplæring i. Einingane vert følgt opp av Lean-forum som lokal ressurs, som gir rettleiing og støtte i samband med implementeringa av Lean-prinsippa.



Suldal heimetenester vart tildelt årets LEAN-pris under Lean-konferansen 2024.

Tilsyn og forvaltningsrevisjon

| Tilsyn | Forvaltningsrevisjon | Status 2024 |
|---|--|--|
| Økonomi og Organisasjon | | |
| | ROV (RiskoOgVesentlighetsvurdering) | Gjennomført |
| Oppvekst | | |
| Tilsyn med minoritets-språklege elevars rettar | | Oppstart 22.02.2024. Lukka 10.01.2025 |
| | Kompetanse i skule og barnehage | Gjennomført oppstartsmøte |
| | Førebygging og tidleg innsats. | Gjennomført og tiltak i tråd med anbefalingar. |
| Helse og Velferd | | |
| | | Uvarsla tilsyn frå Mattilsynet på Suldal sjukeheim i mai 2024. Det gav varsel om vedtak på 1 kontrollpunkt og 1 punkt gav rettleiing. |
| | | Varsla tilsyn frå Arbeidstilsynet på Suldal sjukeheim. Tema for tilsynet var psykososiale, ergonomiske og organisatoriske tilhøve ved arbeidsplassen. Kom fleire pålegg som nå er lukka. |
| Kultur- og samfunnsutvikling | | |
| Mattilsynet gjennomførte tilsyn med VA-avdelinga i desember 2024. | | 1. Drikkevann – farekartlegging 2. Drikkevann - Beredskapsplaner |
| | IVAR IKS - Selskapskontroll | |

Nye tverrfaglege samarbeid

- Ny 2 års avtale kjøp av tenester forebyggande brann og redning frå Haugaland Brann og redning, og brannmeister frå Sauda Brann og redning.
- Suldal har inngått avtale med Sauda kommune og sel 30 % kommuneoverlege, og kjøper 20 % helsefagleg teneste for å dekke inn omsorgstenester på mellom Ås og Vanvik.
- Arbeidsgruppe Lyse Kraft si konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vurdering av vilkårsrevisjon for Røldal Suldal kraftverk

- I Suldal kommune er det ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 78 %, landsgjennomsnittet for kommunar er til samanlikning på 83 %.
- Per 31.12.2024 er Strategisk leiargruppe sett saman av kommunedirektør og 4 kommunalsjefar der 2 er kvinner og 3 er menn.
- Per 31.12.2024 er det 23 einingar i Suldal kommune. Av einingsleiarar finn me 7 menn og 16 kvinner. Fleirtalet av kvinner i leiinga speglar talet på kvinner i organisasjonen.
- Tabellen under viser skilnad på løn mellom kvinner og menn i Suldal kommune dei 3 siste åra. Skilnadar på løn mellom kvinner og menn er relativt stabile i Suldal. Best mogleg bilde av skilnadar på løn får ein ved å justere for stillingskode og -gruppe. Det har vore ein auka skilnad om ein justerer for stillingsgruppe, men mindre skilnad om ein justerer for stillingskode. Sjølv om denne endringa kan vera tilfeldig, er det verdt å vera merksam på dette. Landsgjennomsnittet for stillingsgruppe og -kode ligg på 98,9 og 98,8 for grunnløn

Likestilling, diskriminering, heiltid og deltid

- Suldal kommune skal ha reell likestilling når det gjeld lik løn for arbeid av lik funksjon, kompetanse og utdanning. Heile stillingar er ein føresetnad for dette.
- Kommunestyret har i 2020 vedteke heiltidserklæring som organisasjonen arbeider etter. Talet på tilsette i heile stillingar er 49,7 %. For tilsette som går i turnus er det 33,10 % som har heiltid.

Kvinner si løn i prosent av menn si løn*

| Justert for | År | | År | | ÅR | |
|-----------------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|----------|
| | 2022 | 2023 | 2023 | 2024 | 2024 | |
| | Månadsløn | Grunnløn | Månadsløn | Grunnløn | Månadsløn | Grunnløn |
| Ujustert | 94,5 | 92,6 | 95,2 | 93,9 | 90,0 | 89,9 |
| Alder | 94,5 | 92,6 | 95,2 | 93,9 | 90,0 | 89,9 |
| Stillingsgruppe | 99,5 | 98,3 | 99,8 | 99,2 | 97,3 | 97,7 |
| Stillingskode | 99,1 | 99,0 | 99,0 | 98,8 | 100,2 | 99,5 |
| Utdanning | 100,1 | 99,9 | 96,2 | 96,5 | 99,5 | 98,7 |

*PAI-statistikk 2024. Tala viser kva kvinner tener av menn si løn, gitt av det er like mange årsverk med menn og kvinner. Tal justert for stillingsgruppe og stillingskode bør brukast som mål på skilnadar på løn mellom kjønn, sidan dei justerer for ulike yrkesval mellom kvinner og menn

Arbeidsmiljø

Suldal kommune arbeider for å sikre godt arbeidsmiljø gjennom fleire tiltak:

- Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har hatt ei ny organisering med endra struktur og fokus på lovpålagte oppgåver. AMU arbeider for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, og samstundes ha ei tilsynsrolle over vernearbeidet i kommunen.
- AMU fungerer som velferdsutval i kommunen, og årleg vert det utarbeidd ein eigen plan med ulike aktivitetar for tilsette for å fremja trivsel, samhald og ein positiv arbeidskultur.
- AKAN utvalet er underutval av AMU og arbeidar for førebygging av rus- og speleavhengigheit. Utvalet har arbeida med revidering av retningslinjer for rus- og avhengigheitsproblematikk.
- IA utvalet er underutval i AMU, og er eit samarbeidsorgan for arbeid med inkluderande arbeidsliv (IA). Utvalet har særleg ansvar for å ha oversikt over IA-arbeidet som blir gjort i kommunen, og sette i gong relevante tiltak.

- Kommunen bruker bedriftshelsetenesta aktivt.
- For å kartlegge og styrke arbeidsmiljøet nyttar Suldal 10-faktor medarbeidarundersøking jamleg, og arbeidar kontinuerleg med funn frå undersøkinga.
- Rapportering og oppfølging av uønska hendingar og avvik er ein del av internkontrollsystemet.
- Sjukefråværsstatistikk og avviksstatistikk vert jamleg rapportert til ADMU og AMU.
- Kommunen har eigne rutinar for handtering av alvorlege konfliktar, mobbing og trakkassering.
- Alle tilsette som har meir enn 60 % stilling får tilbod om årleg medarbeidarsamtale, medan dei som har mindre stilling få tilbod minst anna kvart år.

Suldal heimetester



Etisk standard

Suldal kommune legg vekt på å oppretthalda ein høg etisk standard. For å sikre dette er fleire tiltak på plass:

- Det skal vera enkelt å varsle om kritikkverdige forhold. Varslingsplakat og informasjon om varsling er lett tilgjengeleg både på intranett og i internkontrollsystemet.
- Kommunen har utarbeidd etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde. Desse retningslinjene vart oppdaterte i 2024.
- Tema som rolleforståing og habilitet blir tekne opp i opplæringa av folkevalde.
- FN sine berekraftsmål er ein integrert del av styringsdokumenta, blant anna gjennom bruken av Framsikt.

Sjukefråvær

Suldal kommune arbeidar kontinuerleg med tiltak for å redusera sjukefråværet. Det er fleire viktige arenaer for arbeid med førebyggande sjukefråvær, som partssamarbeid på einingane,

AMU, IA-utvalet, AKAN-utvalet og oppfølging av nærmeste leiar.

Det er arbeida målretta med sjukefråvær gjennom:

- Styrking av IA-utvalet i kommunen. IA-utvalet har faste møtepunkt, der NAV arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta (BHT) er medlem.
- Bruk av BHT, både systematisk og individuelle tiltak. BHT bistår partssamarbeid med råd og rettleiing, med fokus på tiltak som er helsefremjande og tiltak for å redusera risiko.
- Retningslinjer for førebygging og oppfølging av sjukefråvær.
- Retningslinjer for seniortiltak som blant anna har som mål å redusera sjukefråvær.
- HR som gir leiarstøtte i sjukefråværssaker og deltek på dialogmøte.
- Bruk av tilretteleggingsmidlar for tilsette som har behov for tilrettelagte oppgåver på eigen eller anna arbeidsplass.




Sommarfest for alle tilsette på Ropeidhalvøya

Sjukefråværet gjekk samla opp i 2024 samanlikna med førre år.

Totalt

Sjukefråværet totalt var på 7,17 % i 2024 mot 6,64 % i 2023.


I år og i fjer - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Økonomi og organisasjon

Sjukefråværet i økonomi og organisasjon var på 4,78 % i 2024 mot 5,86 % i 2023.

I år og i fjer - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Oppvekst

Sjukefråværet i Oppvekst var på 6,93 % i 2024 mot 6,10 % i 2023


I år og i fjer - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Helse og Velferd

Sjukefråværet i Helse og Velferd var på 8,25 % i 2024 mot 7,50 % i 2023.


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Kultur og samfunnsutvikling

Sjukefråværet i Kultur og samfunnsutvikling var på 6,23 % i 2024 mot 6,5 % i 2023.

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Driftsprosjekt

| Namn på prosjekt | Kort omtale av prosjektet | Kven deltek Einingar, Staten, Fylkeskommune Andre | Tidsrom for prosjektet | Prosjektmidlar Kommunale Eksterne |
|---|---|---|------------------------|---|
| ØKONOMI OG ORGANISASJON | | | | |
| Lokaldemokratiet i foregangskommuner | Føregangskommune på lokaldemokrati. | Kommunar: Suldal, Lørenskog, Bergen, Vadsø, Gjøvik, Sunnfjord, Bodø. | 2022-2024 | Gjennomført |
| Strategisk rekruttering | 2-årig prosjekt for å lage ein heilskapleg rekrutteringsplan for privat og offentleg sektor. | | 2024-2026 | Pågår |
| Digital kompetanse | Tilby digital opplæring til innbyggjarar utan tilstrekkeleg kompetanse til å klare ein digital kvardag | Ulike einingar | dd – 2023 | Pågår |
| Ryfylke-modellen distrikts-vennleg sjukepleie-utdanning i Ryfylke | Forsøk der ein prøver ut fleksibel og distriktsvennleg bachelor-utdanning innan sjukepleie. | Kommunane Suldal, Sauda, Strand og Hjelmeland. UiS. Ryfylke IKS. | 2022-2025 | Pågår, ferdig juni 2025 |
| Tilskot til energieffektivisering | Søknadsbasert tilskotsordning til energieffektivisering | | 2022-2028 | Pågår |
| Miljøfyrtårn | Miljøfyrtårnsertifisering og resertifisering av Suldal kommune | | 2021- | Pågår |
| Trainee | Prosjektstilling trainee. Forsøke nye måtar å rekruttere kompetanse. | | 2024-2025 | Pågår |
| Innføring av Framsikt | Framskilt er eit digitalt verktøy for heilskapleg verksemnds-styring. Fagsystemet består av fleire modular, Plan og Analyse, Økonomiplan / Årsbudsjett og Rapportering. | | 2024-2026 | Pågår |
| OPPVEKST | | | | |
| Kompetanse for kvalitet | Vidareutdanning for lærarar i grunnskulen. | Staten | | Pågår |

| | | | | |
|--|--|---|------------------------------|--|
| Barnehage- og skulebruksplan | Barnehage- og skulebruksplanen skal vere eit av fleire kunnskapsgrunnlag for å avklare korleis barnehage- og skulestrukturen i Suldal skal vere organisert i framtida. | Kommunen | 2024-25 | Pågår |
| Kompetanse-løftet | Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis | Andre kommunar HVL | 2021-24 | Gjennomført |
| Rekrutteringstiltak Utd. barnehage-lærar | 3 fagarbeidrarar tar barnehagelærar-utdanning etter ny pedagognorm | Kommunen og HVL | 2023-2026 Ferdig vår 2026 | Pågår |
| LOS prosjektet | Støtte og oppfølging - og losfunksjon for ungdom Eigenfinansiering tilsvarande tilskotet | | Sept 2021-2024 | Gjennomført |
| Inkluderande praksis i klasserommet | PhD | Kommunen | 2022-2026 | Pågår |
| HELSE OG VELFERD | | | | |
| ALIS Vest | Støtte til allmennlege i spesialisering. | Administrert av Bergen kommune, Midlar frå Statsforvaltar. | 2020-2025 | Pågår 13.01.25: ALIS Vest er erstattet av tilskuddsmidler fra Hdir til ALIS (veileddning for leger i spesialisering). |
| Kommunalt rusarbeid | Styrking av førebyggjande arbeid for barn og unge. Målet er å hjelpe sårbare barn og unge så tidleg at ein førebyggjer framtidige rusutfordringar | Statsforvaltaren i Rogaland | 2021-2024 | Gjennomført |
| Helsesjukepleiar tilsett i oppvekst | Utprovning av helsesjukepleiar direkte i teneste for å nå tettare oppfølging av barn med spesielle utfordringar | Prosjektstilling Med tilskott frå Helsedirektoratet, Spleis frå oppvekst og Helse og velferd | 2024-2025 | Pågår |
| Meiningsfull aktivitet rus | Meiningsfull aktivitet for personar med rus- og psykisk helseutfordringar. | Statsforvaltar i Rogaland | 2024 | Gjennomført |
| Styrking av legevakt i distrikta | Rekruttering og styring | Helsedirektoratet har gitt tilsegn | | Pågår |

| | | | | |
|---|---|---|---------------------|--|
| | | | | |
| Alle skal med | Målet er å sikre at desse som pga. alder (over 55 år) og anna årsak ikkje har klart å nyttiggjer seg av Introprogram, og står utanfor arbeidslivet. Knytt til midlar frå statsforvaltar. | Statsforvaltar i Rogaland | | Gjennomført |
| Teknologi for meir berekraftig legevaktsteneste i distrikta | Sjå på mogleheit for å nytte teknologi i legevakt. Samarbeid mellom Sauda, Suldal og Helsefonna for å sjå på legevaktssamarbeid | Statsforvaltar i Rogaland | | Pågår |
| KULTUR- OG SAMFUNNSUTVIKLING | | | | |
| Ryfylke vassområde | Forvalting av vassressursane i Ryfylke | Ryfylke-kommunane Fylkes-kommunen | Ikkje tids-avgrensa | Pågår (Kommunane og Fylkeskommunen) |
| Villreinnemnda | Sekretariat for villreinnemnda Setesdal- Ryfylke | Statsforvaltarane | Ikkje tids-avgrensa | Pågår (Statsforvaltaren i Agder) |
| Tettstadprosjektet på Jelsa | | Fylket. Ryfylkefondet. Suldal kommune | 22-25 | Ferdig 2024, men det er aktivitetar og synergiar som lev vidare (Jelsa Idyll, etablering av kyststi og møteplassar i sentrum). Det er laga aktivitetspark, kjøpt diverse utstyr til badestranda, støtte til bokprosjekt, støtte til headsett og utstyr for guida tur med Jelsa presten. Rapporten og utbetaling frå fylke kjem i 2025. |
| Moglegheits-utviklar | I behandlinga av 2. tertial i 2023 blei det vedtatt å etablera ei prosjekt stilling på 2 år for å jobba med dei store industri- etableringane på Jelsa og i øvre Suldal. | Suldal kommune | 24-25 | Pågår |

| | | | | |
|---|--|----------------|-------|--------|
| Framtidas bustadmarknad i heile Suldal. | Utvikle heilskapleg konsept og utgreie løysinga for framtidas bustadmarknad i heile Suldal. Fokus på mellom anna, estetikk, ENØK og berekraft. Finansiert av disposisjonsfondet. | Suldal kommune | 24-26 | Pågår |
| Prosjekt industrisatsing | Leggja til rette for vekst i lokalt næringsliv t.d. i samarbeid med Næringshagen i Ryfylke | Suldal kommune | 24-26 | Pågår |
| Prosjekt auka innsats areal- og samfunnsplanlegging | Ein ekstra prosjektstilling 100% i 3 år, så tidleg som mogleg i 2024. Finansiert i frå disposisjonsfond. | Suldal kommune | 24-27 | Pågår |
| Setja i gong med å utvikla plan for berekraftige kraftlandsbyer i forbindelse med industriprosjekt i Suldal. Finansiert i frå disposisjonsfond. | | Suldal kommune | 24-27 | Pågår? |

Handlingsprogram 2024-2027

Handlingsprogrammet er basert på forslag til ny kommuneplan.

1. Å leva, bu og trivast

| 1.1. Mål: Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring. | | |
|---|--|--|
| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
| | 1.1.0.1 Ungdom frå Suldal kommune eller ungdom som har gått på ungdomsskulen i Suldal kommune, skal ha rett til å søkja stipend dersom dei går på Sauda vidaregåande skule. | Pågår |
| 1.1.1 Ruste barn og unge for å takle kvardagslivets livets små og store utfordringar | 1.1.1.1 Skolemåltid. Greia ut kva form eit fast, dagleg skolemåltid i Suldalsskulane bør ha. Vidare undersøkja kostnadene og eventuelle byggtekniske tilhøve som må til for å etablere tiltaket. 1.1.1.2 Driftsoperatør/miljøarbeidar. Legge til rette for ei utprøving av meir praktisk retta opplæring. Samarbeid med oppvekst og teknisk drift med alternativ bruk av vaktmeister. Eit toårig prosjekt med eigne midlar. 1.1.1.3 Tusen første levedagar. Sjå på organisering og tiltak som kan styrke kommunen sitt arbeid for barn dei første leveåra. Eigne midlar. | Haust 2025 Ikkje påbegynt. Pågår |
| 1.1.2 Ha fokus på førebygging og tidleg, tverrfagleg innsats for barn og unge som møter utfordringar, BTI modellen (betre, tverrfagleg innsats) | 1.1.2.1 Ha gode samhandlingsarenaer der ein sikrar felles situasjonsforståing på tvers av sektorane 1.1.2.2 Utarbeida oversikt/rutinar for ansvar og oppgåvedeling på tvers av sektorar | Pågår Pågår |
| 1.1.3 Prioritera å ha lett tilgang til psykiske helsetenester for alle, men med spesielt fokus på barn og unge | 1.1.3.1 Vidareutvikla barne- og familieteamet 1.1.3.2 Vidareutvikla psykisk helse tenester | Gjennomført Pågår |
| 1.1.4 Framtidas oppvekst – Gi barnehage- og skuletilbod som gjer at barn og unge trygt kan | 1.1.4.1 Opplæring i digital kunnskap og bruk av digitale verktøy i barnehage | Pågår Jobbar med felles plan i RITS |

| | | |
|--|---|---|
| møta framtidige krav og forventningar i samfunnet. | 1.1.4.2 Skaparverkstad, ein læringsarena for 1. - 10. klasse. | Pågår Blir arbeidd inn i kommande barnehage og skulebruksplan |
| | 1.1.4.3 Erfjord skule, oppgradering av inventar og utstyr | Gjennomført |
| | 1.1.4.4 Vurdere ny organisering av leiingsmodell i oppvekst. Må sjåast i samanheng med «Framtidas oppvekst», barnehage- og skulebruksplan | Pågår |
| | 1.1.4.5 Kartlegging av kompetanse i oppvekst som førebuing til endra statlege krav | Pågår |
| 1.1.5 Skapa likeverdige og inkluderande utviklings- og læringsmiljø i barnehage og skule | 1.1.5.1 Legge til rette for å forska på eigen praksis | Pågår |
| 1.1.6 Ha gode rutinar for medverknad frå barn og unge | 1.1.6.1 Barn og unge skal bli involvert og medverka til si eiga utvikling i barnehage og skule. | Pågår |
| 1.1.7 Leggja til rette for gode fritidstilbod for ungdom, mellom anna gjennom å støtta idrettslag, foreiningar og andre frivillige som jobbar med barn og unge | 1.1.7.1 Uformell møte- og «hengeplass» for ungdom i Suldalshallen. Innkjøp av utstyr til e-sport. | Gjennomført |
| 1.1.8 Leggja til rette for at alle barn og unge har høve til å delta i fritidsaktivitetar | 1.1.8.1 Suldal kommune dekker inntil 20 familieårskort for låginntektsfamiliar | Gjennomført |
| | 1.1.8.2 Auka talet på friplassar i kulturskulen frå 10 til 30 (reduserte inntekter) | Gjennomført |
| | 1.1.8.3 Kinobillett for 30 kr for alle mellom 0-18 (reduserte inntekter) | Gjennomført |
| | 1.1.8.4 Gå i dialog med Kolumbus for å sjå på effektivisering av skyssordningane til skulane i kommunen for dei som reiser lengst, slik at barn og unge slepp unødvendig venting og ineffektiv reising. | Pågår, blir også ein del av arbeidet med barnehage- og skulebruksplan |
| 1.1.9 Auka kompetansen til dei vaksne (føresette og tilsette) i eit system som fremjar trygge, robuste barn og unge. | 1.1.9.1 Gjennomføra kompetanseløftet - eit tverrfagleg tiltak for at tilsette i barnehage, skular og laget rundt barnet skal gi eit godt tilpassa og inkluderande tilbod. | Pågår |
| | 1.1.9.2 Styrkja PPT med 50% prosjektstilling for å jobba med kompetanseløftet. Eigne midlar. | Pågår |
| | 1.1.9.3 Felles interkommunal kompetanseutviklingsplan for alle tilsette i oppvekst . | Pågår saman med Sauda |
| | 1.1.9.4 Leggja til rette for å bli utdanningsbarnehage og skule i samarbeid med høgskulesektoren. | Pågår (skule) |

1.2. Mål: Suldal skal vera ein god plass å leve heile livet

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|--|--|----------------------------------|
| 1.2.1 Sikra gode helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarar | 1.2.1.1 Vidareføring av arbeidet frå «Leve hele livet» gjennom den nye reforma «Bu trygt heime» | Pågår |
| | 1.2.1.2 Ha prosjektkoordinator i arbeidet med framtidas omsorg (INV) | Pågår |
| | 1.2.1.3 Velferdsteknologi (INV) | Sjå punkt 1.2.7.1 |
| | 1.2.1.4 Vurdera korleis BPA ordning skal organiserast i Suldal kommune | Gjennomført |
| | 1.2.1.5 Helsefagarbeidar natt som i løpet av 2023 vil bli ein del av BPA ordninga | Gjennomført |
| | 1.2.1.6 Vidareføra arbeidet med pilot for tverrfagleg oppfølgingsteam. Arbeida fram ein organisasjonsstruktur for framtidig koordinering av tenester rundt brukarar med store og samansette behov. Døme på dette kan vera eigne koordinatorar, på tvers av sektorar. | Pågår |
| | 1.2.1.7 Kjøp av medisinsk utstyr, legekontoret (INV) Finansiert med fondsmidlar | Gjennomført |
| 1.2.2 Legge til rette for at innbyggjarar kan ta gode val for eigne liv | 1.2.2.1 Prosjektstilling med statleg støtte for å gjennomføra ein 4 års periode for å styrka arbeidet med familiar knytt til rus. | Pågår |
| 1.2.3 Sikra fullverdige liv gjennom tilrettelegging for gode kulturopplevingar, fysisk aktivitet og rekreasjon | 1.2.3.1 Søkja «krafttak for song» om å bli tatt opp som «ein syngjande kommune». | Prosjektet er ikkje lyst ut i år |
| 1.2.4 Ha fokus på å få innbyggjarar med god helsekompetanse kring eigen helsesituasjon | | |
| 1.2.5 Arbeida tverr-sektorielt for å sikra rette tenester med fokus på god innbyggjarinvolvering | 1.2.5.1 Auka fokus på psykiske helseutfordringar for barn og unge. Samordna tenester innan all psykisk helse og rus til heimebaserte tenester for å jobba heilskapleg og satse på førebygging. | Gjennomført |

| | | |
|---|--|---|
| 1.2.6 Leggja til rette for kvardagsmeistring, førebyggjande aktivitetar og at dei som ønskjer det, kan bu heime. | | |
| 1.2.7 Bruka velferdsteknologi i tenestene for å gi innbyggjarane auka livskvalitet og for å auka kommunen sin omsorgskapasitet. | 1.2.7.1 Velferdsteknologisk knutepunkt | Står på vent i Rits |
| | - Digital heimeoppfølging | Pågår |
| | - Elektronisk medisindispensere | Pågår |
| | - Digital sårbehandling | Pågår |
| | - Digital konsultasjon | Pågår |
| | - Pasientvarslingsanlegg | Gjennomført |
| 1.2.8 Tilpasse tenestetilbodet med omsyn til folketalsutviklinga | 1.2.8.1 Tilpassa drifta med omsyn til nedgang i barnetal. Dette vil å ein sjå i samanheng med sak om "Framtidas oppvekst" | Gjennomført nedtrekk av 3 mill. kr. Vidare nedtrekk er ikkje gjennomført, grunna vedtak i politisk sak. Blir teke med i saka, barnehage- og skulebruksplan |
| 1.2.9 Legge til rette for eit aldersvennleg samfunn | 1.2.9.1 Tverrsektoriel samarbeid for å sikre god aldersvennleg samfunnsutvikling | Pågår |

1.3. Mål: Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune, der alle kan føla seg heime

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|---|--|---|
| 1.3.1 Leggja til rette for gode møteplassar på tvers av generasjonar, kulturar og funksjonsevne | 1.3.1.1 Leggja til rette for at møteplassen «Ståvå» kan fortsetja med frivillig arbeid. | Gjennomført |
| | 1.3.1.2. Kommunedirektøren ser på mogelegheitene til å få til eit vennskapskommune i Ukraina etter modell frå andre norske kommunar, med kulturell utveksling, samarbeid og bistand som viktige målsetjingar. Finansierast ved bruk av disposisjonsfondet 2024 | Pågår |
| 1.3.2 Leggja prinsippa for universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga | | |
| 1.3.3 Sikra deltaking for alle, uavhengig av økonomi | | |
| 1.3.4 Styrkja arenaer for sosial inkludering som stimulerer til samfunnssdeltaking | <p>1.3.4.1 Arbeida for å få busett nye flyktningar kvart år. Suldal kommune kan ta imot inntil 20 flyktningar kvart år. Det er lagt opp til 10 flyktningar kvart år i økonomiplanperioden.</p> <p>1.3.4.2 Vurdere å få status som ein flyktningkompetent kommune</p> | <p>Det er busett 65 flyktningar</p> <p>Gjennomført (Flyktningkompetent kommune er ikkje ei eiga sertifisering, Behovet for kompetanseheving på flyktning-/integreringsfeltet skal likevel kartleggast og tiltak gjennomførast for dei delane av organisasjonen der dette er etterspurt)</p> |

| 1.4. Mål: Suldal skal ha aktive innbyggjarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn | | |
|--|--|-------------|
| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
| 1.4.1 Byggja sterke nettverk mellom vaksne, som saman støtta barn, unge og kvarandre i kvardagen | | |
| 1.4.2 Leggja til rette for eit rikt organisasjonsliv | | |
| 1.4.3 Aktivt støtta og nytt det frivillige arbeidet i kommunen | | |
| 1.4.4 Styrkja lokaldemokratiet gjennom å nyttia rendautvala og politiske råd for å få god medverknad | 1.4.4.1 Delta i og få nye tankar gjennom prosjekt Lokaldemokrati saman med andre utvalde kommunar. | Gjennomført |
| 1.4.5 Styrkja kontakten mellom innbyggjarane og kommunen, for saman å kunna utvikla eit godt samfunn | 1.4.5.1 Innbyggjarundersøking | Pågår |
| 1.4.6 Engasjera hyttesuldølen til aktiv deltaking i lokalsamfunnet | 1.4.6.1 Arrangera eigne hyttetreff på kulturhuset der ein inviterer hyttesuldølen til møte med både kommunen, næringslivet, frivilligheita og andre. | Pågår |

| 1.5. Mål: Suldal skal vera ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald | | |
|--|---|-------------|
| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
| 1.5.1 Utvikla satsing på basistilbod innan idrett og kultur | 1.5.1.1 Revidera idrettspolitiske handlingsplan | Pågår |
| | 1.5.1.2 Ny kinomaskin og nytt lydanlegg på Kulturhuset. | Pågår |
| | Prestavikjo – eit nærmiljøanlegg for alle sjå tiltak 2.1.8.6 | Pågår |
| | Nærmiljøanlegg ved Suldal bad Sjå tiltak 2.1.8.7 | Pågår |
| | 1.5.1.3 Basistilbod innan idrett og kultur. Auka potten som går til frivillige organisasjonar, nærmiljøtiltak, drift- og anleggsstøtte og kunstformidling, frå om lag 1 mill til 1,3 mill | Gjennomført |
| 1.5.2 Utvikla nye og eksisterande arenaer, møteplassar og nettverk | 1.5.2.1 Laga ein arrangementsstrategi | Gjennomført |
| 1.5.3 Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping | 1.5.3.1 Lokal markering av 200 års jubileet for den første utvandringa til Amerika. | Pågår |
| | 1.5.3.2 Nytt punkt: Utsmykking Suldal sjukeheim. Kostnad ca 0,1 % av investeringskostnaden. INV. Finansiert i frå disposisjonsfondet. | Pågår |
| | 1.5.3.3 Utarbeida ein kunst- og kulturplan for Suldal | 2026 |
| 1.5.4 Sikra både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling. | 1.5.4.1 Restaurering Suldalsdampen | 2025-2026 |
| 1.5.5 Leggja til rette for at kunstnarar og kulturarbeidarar kan bu og virka i Suldal | | |

2. Attraktive Suldal

| 2.1. Mål: Suldal skal vera ein kommune det er attraktivt både å flytta til og bli buande | | |
|---|--|----------------|
| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
| | 2.1.0 Utarbeide og vedta planstrategi | Gjennomført |
| 2.1.1. Styrkja og synleggjera kommunen sin identitet, sær preg og attraksjonsverdi | | |
| 2.1.2 Arbeide for attraktive, inkluderande og levande grender | 2.1.2.1 Samarbeid om sentrumsutvikling på Nesflaten blir ein del av forhandlingane med Lyse Kraft. Dette i samband med forhandlingane om konsesjon for nye effektopgraderingar i Øvre Suldal. | Pågår |
| | 2.1.2.2 Grendeutviklingsfond til styrking av bulyst og næringsliv i grendene. Det bør søkjast ekstern finansiering og grendautvala bør involverast gjendeutvalet. Ein skal henta erfaringar frå tettstadutviklingsprosjektet på Jelsa. | 2025-2027 |
| | 2.1.2.3 Tilskot til Kjølvik bedehus. Utviding og oppgradering universell utforming. | Gjennomført |
| 2.1.3 Utvikle Sand sentrum til eit framtidsretta og heilskapleg sentrum for alle innbyggjarar, næringsliv og besökande | 2.1.3.1 Prosjektering og opparbeidning av Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane i tråd med vedtatt reguleringsplan for området (INV) | Pågår |
| | 2.1.3.2 Framtidas kommunesenter (INV) Driftskonsekvens investeringar | Pågår |
| 2.1.4 Synleggjera jobb-, bustadmoglegheiter og servicetilbod, for å behalda arbeidskraft og tiltrekka fleire arbeidstakar | 2.1.4.1 Straumstøttetiltak for næringslivet | Gjennomført |
| | 2.1.4.2 Greie ut konsekvensane og praktiske løysingar for sal av konsesjonskraft til ein fast låg pris til innbyggjarar og næringslivet. Finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. | Ikkje påbegynt |
| 2.1.5 Ha eit variert bustadtilbod tilpassa ulike livsfasar | | |
| 2.1.6 Til ei kvar tid ha ledige byggjeklare tomter i alle grender i kommunen | 2.1.6.1 Bustadfelt Randåsen / Klypa, planlegging (INV) | 2026 |
| | 2.1.6.2 Kjøp av tomter/husvære (jamfør rebudsjetteringssaka) Grender utan kommunale bustadfelt har førsteprioritet. | Pågår |

| | | |
|--|---|--|
| | 2.1.6.3 Greia ut kostnadane ved å byggja ut bustadfelt på Kammen på Sand. | 2025 |
| 2.1.7 Leggja til rette for auka busetjing i alle grender | 2.1.7.1 Utvikle heilskapleg konsept og utgreie løysinga for framtidas bustadmarknad i heile Suldal. Fokus på mellom anna, estetikk, ENØK og berekraft. Finansiert av disposisjonsfondet. | Er starta opp med felles workshop saman med Husbanken, Distrikts-senteret, næringa og utvalde grenaudval. Husbanken tilrår sterkt å utarbeida Handlingsplan Bustad etter mal frå Ullensvang kommune som ein start på arbeidet. |
| | 2.1.7.2 Vurdera om ein skal gjera Suldal Bustadstifting kommunal. | Gjennomført |
| | 2.1.7.3 Avsette midlar på eit bustadfond finansiert med disposisjonsfond | Gjennomført |
| | 2.1.7.4 Sjå på gjennomgang av tenestetilbod til Vanvik og vurdera kjøp av tenester i frå Sauda. Sjå på rimelege tomter | Kjøper tenester til heimesjukepleie frå Sauda. 2025 |
| 2.1.8 La «Suldalspakken» syna kva Skattkammeret Suldal har å by på | 2.1.8.1 «Leige for å eige» bustader på Suldalsosen og i Erfjord. (INV) Driftskonsekvens investeringar | Pågår |
| | 2.1.8.2 «Leige for å eige» bustader i Nesflaten og Vanvik (INV) Driftskonsekvens investeringar | Pågår Vanvik ferdig 2025 |
| | 2.1.8.3 «Leige for å eige» bustader på Jelsa og i Marvik (INV) Driftskonsekvens investeringar | Jelsa ferdig 2025 Marvik 2026 |
| | 2.1.8.4 Vidareføra sal av bustadtomter for kr 550 000,- som ei permanent ordning | Gjennomført |
| | 2.1.8.5 Tilskot energieffektivisering | Pågår |
| | 2.1.8.6 Prestavikjo – eit nærmiljø- anlegg for alle Spelemidlar frå konsesjonsavg. Spelemidlar frå driftsmidlar Forskottering spelemidlar fylke (1,5 mill. frå spelemiddelfond) Forskottering momskompensasjon I tillegg til forslag frå kommunedirektøren, legg me inn 345 000,- i forskottering spelemiddel, 300 000 i tilskot og 1,5 mill i forskottering momskompensasjon som sikkerhet for prisauken. Avsette investering i 2024 blir framskunda til 2023. Finansiering frå disposisjonsfondet. Prestavikjo - Auke kommunen sin andel til 2,6 mill kr jamfør søknad i frå Suldal IL. Inkludert i støtta | Pågår |

| | | |
|--|---|-------------|
| | er forskottering av fylkeskommunal støtte og momskompensasjon. Finansieres av disposisjonsfondet. | |
| | 2.1.8.7 Nærmiljøanlegg ved Suldal bad (INV). Anlegga vil vere godkjent for spelemidlar Treningspark og plattning (INV) | Pågår |
| | 2.1.8.8 Flytebrygger i Marvik (frå konsesjonsavg.) | Gjennomført |
| | 2.1.8.9 Be kommunedirektøren sjå på moglegheit til å få aktivitet i eit av sentrumsbygga for å få til aktivitet retta mot ungdom på ettermiddagstid. Dette skal gjerast i samarbeid med Rysteg. | Gjennomført |
| | 2.1.8.10 Gje driftstilskot til snøproduksjon i lysløypa på Gulling, inntil kr 0,2 mill kr. | Gjennomført |
| | 2.1.8.11 Ber om sak om etablering av rekrutteringsbustad | Pågår |
| | 2.1.8.12 Vidareføre halv sats på statleg barnehagesats frå 01.08.2024 som eit prøveprosjekt. Reduserte inntekter vert finansiert med disposisjonsfond | Gjennomført |
| | 2.1.8.13 Gratis tryggleiksalarm | Gjennomført |
| | 2.1.8.14 Reduserte satsar på ferie SFO SFO 4 Full ferie kr. 300,- pr. mnd SFO 5 Feriepakke (3 veker) kr. 200,- pr. mnd | Gjennomført |

| 2.2. Mål: Suldal skal vera attraktiv for eksisterande og nye næringar | | |
|---|---|---|
| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
| 2.2.1 Leggja til rette for kontorfellesskap og innovative miljø | | |
| 2.2.2 Vera attraktive for forsking og utvikling, entreprenørskap og innovasjon | | |
| 2.2.3 Synleggjera samspellet mellom laks, vatn og kraft | | |
| 2.2.4 Leggja til rette for opplevingsbasert berekraftig natur- og kulturbasert reiseliv | <p>2.2.4.1 Planleggja og opparbeida tursti- system på strekninga Garaneset- Suldalsosen</p> <p>2.2.4.2 Tur/sykkelsti Sand – Suldalsosen. (INV) Delstrekning Grov – Førland (frå konsesjonsavg.)</p> <p>2.2.4.3 Kyststi på Jelsa (frå konsesjonsavg.)</p> <p>2.2.4.4 Reiselivstrategi som del av strategisk næringssplan</p> <p>2.2.4.5 Tiltak knytt til reiselivsstrategi Finansiert frå disposisjonsfond</p> | Gjennomført 2026-2027 Pågår 2025 2026-2027 |
| 2.2.5 Arbeide for høgt tal på lærlingplassar både i kommunen og næringslivet | | |
| 2.2.6 Entreprenørskap i skulen - samarbeid mellom skole, kommune og næring | 2.2.6.1 Støtta opp om Suldal Vekst sitt arbeid med entreprenørskap blant barn og unge der Læring i næring er eit av verktøya. | Pågår |
| 2.2.7 Leggja til rette for behovstilpassa næringssreal på strategisk viktige stader i kommunen | 2.2.7.1 Samarbeid med Statens vegvesen om korleis ein kan nytta overskotsmassar i samband med arbeid på eksisterande og nye tunellar på Rv 13. | Ikkje påbegynt |
| | 2.2.7.2 Fylja opp tiltak i samfunnsanalysen | Pågår |
| | 2.2.7.3 Vurdera kapasiteten i kommunale tenester knytt til store industriplanar bl.a. på Jelsa | Ikkje påbegynt |
| 2.2.8 Leggja til rette for vekst i lokalt næringsliv og bidra til at det vert skapt varige lokale verdiar ved større utbyggingar, t.d. i samarbeid med Suldal Vekst | 2.2.8.1 Revidera vedtekten for Suldal kommunale næringsfond | Gjennomført |
| | 2.2.8.2 Revidera vedtekten for Ulla Førre næringsfond | Gjennomført |
| | 2.2.8.3 Prosjekt industri satsing | Pågår |
| | 2.2.8.4 Prosjekt auka innsats areal- og samfunnsplanlegging. | 2025-2027 |
| | Ein ekstra prosjektstilling 100% i 3 år, så tidleg som mogleg i 2024. Finansiert frå disposisjonsfond. | Gjennomført |
| | 2.2.8.5 Utarbeide strategisk næringssplan | Pågår |
| | 2.2.8.6 Evaluering av næringsarbeidet. I forbindelse av utarbeiding av strategisk | Pågår |

| | | |
|---|---|----------------|
| | næringsplan. Evalueringa skal sjå på avtalen med næringshagen i Ryfylke og fordeling av arbeidsoppgåver mellom Suldal kommune og næringshagen i Ryfylke | |
| | 2.2.8.7 Setja i gong med å utvikla plan for berekraftige kraftlandsbyer i forbindelse med industriprosjekt i Suldal. Finansiert i frå disposisjonsfond. | Pågår |
| | 2.2.8.8 Kommunestyret ber kommunedirektøren starta prosessen med å selja Suldal kommune sine aksjer i WWJ. | Ikkje påbegynt |
| 2.2.9 Bruka innkjøpsstrategien aktivt for å bidra til lokal verdiskaping | | |
| 2.2.10 Leggja til rette for næringar som kan nytta lokalprodusert kraft | | |
| 2.2.11 Suldal skal nytta potensialet som ligg i posisjonen som landets største kraftkommune | | |

2.3. Mål: Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|--|---|-------------|
| 2.3.1 Jobba for gjensidig forståing mellom overordna mynde og landbruket | | |
| 2.3.2 Styrkja og utvikle hald av beitedyr som viktig næring og produksjon, for å halda oppe kulturlandskap og arts mangfald | 2.3.2.1. Vurdera/greia ut ei stønadsordning til bønder som tek i bruk virtuelle gjerder for storfe og småfe. | Gjennomført |
| 2.3.3 Arbeida for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og rettleiing og fremja bruk av tre idet grøne skifte | | |
| 2.3.4 Utvikla og utnytta potensiale for ulike tilleggsnæringer | | |
| 2.3.5 Ha ei streng haldning til fritak for búplikta på landbrukseigedomar | | |
| 2.3.6 Bidra til gode generasjonsskifte i landbruket slik at det vert attraktivt for unge å satsa på landbruk | 2.3.6.1. Føra vidare prosjektet "Suldalsbonden mot år 2050" Sjå på kriteria og støtteordningar i Landbruket saman med interesseorganisasjonane | Pågår |
| | 2.3.6.2 Suldalsbonden mot 2050 Auka det kommunale tilskotet til nye driftsbygningar tilpassa lausdrift frå 5% til 15%. | Gjennomført |
| 2.3.7 Ha eit strengt jordvern i saker som gjeld frådeling og om disponering | | |

2.4. Mål: Suldal skal arbeida for god og kostnadseffektiv infrastruktur i heile kommunen

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|---|--|------------------------------------|
| 2.4.1 Samarbeida med eksterne aktørar for å arbeida for at alle fastbuande får mobil- og fiberdekning eller tilsvarende | 2.4.1.1 Vidare utbygging av fiber, mobil og breiband-dekning i Suldal. Finansiert med midlar frå kommunikasjonsfondet. | Pågår |
| | 2.4.1.2 Mål om 100% fiber eller tilsvarende teknologi innan 2027. Finansiert frå kommunikasjonsfondet. | Pågår |
| 2.4.2 Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen | 2.4.2.1 Arbeida for ein heilskapleg plan på Rv13 og at det kjem inn i rullering av neste NTP. - Strekninga Suldalsosen Nesflaten - Lovradalen – Lovraeidet - Eiane – Kilane - Rassikring Bratlandsdalen - Gong/sykkelveg Steine – Hauabjør - Lys langs rv 13 - Lindumssletta fram til kryss til Suldalseid. - Arbeide for at fartsgrensa blir redusert 60 k/t i same område så lenge det ikkje er sykkelsti. - Heilhetlig plan Solbakk-Håra - Arbeida for trygge vegar Arbeida for eit busskur på Osen/Hagane | Pågår |
| | 2.4.2.2 Bygga kryss ved Erøyvik etter reguleringsplanen. Gå i dialog med grunneigar for å sjå på ei betre løysing for området rundt Betel og Erøyvik Trevare samt løysing for bustader ved vegenden. (INV) | 2027 |
| | 2.4.2.3 Utskifting og fornying av autovern | 2025-2026 |
| | 2.4.2.4 Utbetring av Mostøl og Krokhøl Bru. Finansiert i frå kommunikasjonsfond. | 2026 |
| | 2.4.2.5 Vedlikehald av vegar Fyrste året med avsetjing til brøytfond, og deretter vedlikehald av vegar etter prioritert liste | Pågår |
| | 2.4.2.6 Forprosjekt Hebnes-Helland og Vanvik. (INV). Finansiert i frå kommunikasjonsfond. | Ikkje påbegynt |
| | 2.4.2.7 Vurdera tilstanden på kommunale vegar for å kunne vurdera ei oppklassing, jamfør rapport i frå transportøkonomisk institutt | Pågår etter behov, tømmertransport |
| | 2.4.2.8 Utgreia oppføring av gatelys på Hebnes på kommunal veg frå kryss Vormestrandvegen mot Vormestrand og gå i dialog med fylkeskommunen | 2025 |

| | | |
|---|---|-------------|
| | om gatelys frå kryss Vormestrandvegen og til Hebnes kai (FV681), jmf trafikktryggleiksplan. | |
| 2.4.3 Arbeida for god mobilitet og gode kollektivløysingar til heile kommunen | | |
| 2.4.4 Arbeida for realisering av Vestlandsbanen | | |
| 2.4.5 Rusta opp kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredstiller kvalitets og klimakrav | 2.4.5.1 Utbetring av kulvert Rallebekken Prosjektering (INV) | 2025 |
| | 2.4.5.2 Nytt Sand vassverk Prosjektering og utbygging (INV) | Pågår |
| | 2.4.5.3 Utbedring av høgdebasseng Kariåsen | Pågår |
| 2.4.6 Sikra formålstenlege og godt vedlikehaldne tenestebrygg, uteanlegg og parkeringsplassar. | 2.4.6.1 Bygga ny sjukeheim (INV) | Pågår |
| | Inventar og utstyr | |
| | 2.4.6.2 Bygga ny Vinjarheim (INV) | Pågår |
| | 2.4.6.3 Erfjord skule, vedlikehald av bygg | Gjennomført |
| | 2.4.6.4 Skifte av fallunderlag på uteområda i Suldalsbarnehagane. | 2025 |
| | 2.4.6.5 Oppgradering av Suldalshallen (INV) Merknad: (Spelemiddelprosjekt) | Pågår |
| | 2.4.6.6 Setje i gong eit forprosjekt for rehabilitering av Kulturhuset | 2026 |
| | 2.4.6.7 Utbygging Rygjatun, elevheimar (INV) Netto sum for elevheimane (frivillig registrering mva) og brutto sum for tenarbustadar | Pågår |
| | 2.4.6.8 Ny lokasjon NAV Suldal | Gjennomført |
| | 2.4.6.9 Avhenda gamle utleigeeiningar og kjøpa/byggja nye | Pågår |
| | 2.4.6.10 Der det er mogleg; ha «fortetting» på bruken av kommunale bygg til tenesteyting. | Pågår |
| | 2.4.6.11 Trenar/lærarbustadar Rygjatun (INV) | 2026-2027 |
| | 2.4.6.12 Ekstra vedlikehald på kommunale bygg etter prioritieringsliste. Prioriterte oppgåver er ventilasjon, enøk tiltak og tiltak som sikrar levetida til bygget. | Pågår |
| | 2.4.6.13 Oppgradering av Marvik kai | 2025 |

2.5. Mål: Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|--|---|---|
| 2.5.1 Vera pådrivar og deltar i regional utvikling og samarbeid | 2.5.1.1 Ta initiativ til ein samla satsing i Ryfylke for å fremje regionen som ein attraktiv stad å bu. | Pågår |
| 2.5.2 Arbeida for tilbod om desentralisert utdanning | 2.5.2.1 Arbeida for vidare desentralisert sjukepleiarutdanning i Ryfylke | - 2 tilsette går desentralisert sjukepleieutdanning, ferdig juni 2025 |
| | 2.5.2.2 Arbeida for andre aktuelle desentraliserte utdanninger i Ryfylke | - 1 tilsett går desentralisert Vernepleieutdanning. Ferdig juni 2025 |
| 2.5.3 Vidareutvikla reiselivssatsing gjennom regionalt samarbeid | | |
| 2.5.4 Sikra tilgang og nærliek til kunnskapsutvikling | | |

2.6. Mål: Suldal skal vera ein kommune med fokus på samfunnstryggleik

| Hovudstrategi | Tiltak | Kommentar |
|---|--|----------------|
| 2.6.1 Ha beredskap ved kriser, brann og andre hendingar | 2.6.1.1 Gjennomføre beredskapsøving | Gjennomført |
| | 2.6.1.2 Det er mangel på elektroniske byggteikningar og branndokumentasjon på ein del kommunale bygg. For å få laga dette må det nyttast ekstern kompetanse. | Pågår |
| | 2.6.1.3 Ny brannstasjon/garasje Suldalsosen - prosjektering Utbygging (INV) | Pågår |
| | 2.6.1.4 Brannstasjon/garasje Sand, prosjektering (INV) | 2027 |
| | 2.6.1.5 Brann, kjøp av mannskapsbil Jelsa (INV) | Pågår |
